


Statens handlingsrom for lovleg skilnadshandsaming
av tenestetilbydarar med religiøs tilknytning ved
kontraktsinngåing med staten

Kandidatnummer: 167

Tal ord: 14680



JUS399 Masteroppgåve

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

7. juni 2021

Innholdsliste

Innholdsliste.....	1
1.1 Innleiing	3
1.2 Tema og aktualitet.....	3
1.3 Metode og rettskjeldebilete.....	5
1.4 Terminologi og avgrensing.....	8
1.5 Vidare framstilling.....	10
2 Diskrimineringsvernet etter EMK art. 14	12
2.1 Innleiing	12
2.2 EMK artikkel 14	12
2.3 EMK artikkel 9	15
3 Grensedraging mellom lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter artikkel 14.....	17
3.1 Innleiing	17
3.2 Relevante liknande situasjonar	18
3.3 Objektiv og rimeleg grunn	21
3.4 Veldig tungtvegande grunnar.....	25
3.5 Statens skjønnsmargin	26
3.6 Oppsummerande merknadar	28
4 Diskrimineringsvernet etter Grunnlova § 98 og ordinær lovgjevnad.....	30
4.1 Innleiing	30
4.2 Grunnlova § 98	30
4.3 Likestillings- og diskrimineringslova	35
4.4 Samhaldet mellom Grl. § 98 og likestillings- og diskrimineringslova	36
4.5 EMKs Tilleggsprotokoll 12 og dens betydning for norsk rett	38
5 Grensedraging mellom lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter norsk rett	40
5.1 Innleiing	40

5.2	Sakleg formål	41
5.3	Naudsynt for å oppnå formålet	42
5.4	Samhøvevurdering	44
6	Avsluttande merknadar.....	50
	Litteraturliste	52

1.1 Innleiing

1.2 Tema og aktualitet

Oppgåva omhandlar statens handlingsrom for lovleg skilnadshandsaming av tenestetilbydarar med religiøs tilknytning ved kontraktsinngåing med staten.

Staten pliktar å sikre religionsfridomen til alle. I nokre tilfelle medfører denne plikta at staten må vege interessene til religiøse tenestetilbydarar og andre samfunnsgrupper mot kvarandre. Til dømes der staten inngår avtalar der desse omhandlar eit tenestetilbod til private og andre i allmenta som leige av undervisningslokale, drift av sjukeheim, heimehjelp-tenestar osb. har staten plikt til å sikre og verne religionsfridomen til både tenestetilbydar og tenestemottakar på ein ikkje-diskriminerande måte.¹

Spørsmålet blir såleis kva rettar har tenestetilbydarar med religiøs tilknytning og tenestemottakarar krav på vern om, og korleis kjem desse på spissen kvar staten skal inngå kontrakt om ei teneste for allmenta?

Staten skal respektere tenestetilbydars og tenestemottakars rettigheter, men også positivt sikre at desse vernast og oppfyllest.² Dømesvis ein avtale med religiøs foreining om å drive kommunalt eldreheim der det også bur ateistar og folk med andre religionar, kan vere ei utfordring om omsynet til dei ulike rettigheita. Av andre diskrimineringsgrunnlag som kan vere utfordrande kan til dømes nemnast seksualitet, kjønn og til ein viss grad etnisitet, som alle kan stå i eit anstrengt forhold til visse religiøse trussamfunn.

Å behandle individa eller grupper – herunder tenestetilbydar eller tenestemottakar – i like situasjonar ulikt eller i ulike situasjonar likt, utan objektiv og rimeleg grunngeving er å diskriminere. Både Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) artikkel 14³ og Grunnlova (Grl.) § 98⁴ saman med likestillings- og diskrimineringslova (ldl.) § 6, jf. § 1⁵ har

¹ NOU 2009:14 s. 24 og Prop. 81 L (2016-2017) s. 82.

² Prop. 81 L (2016-2017) s. 82.

³ Menneskerettsloven av 1999 artikkel 14 (Eg brukar norsk versjon).

⁴ Grunnlova av 1814.

⁵ Likestillings- og diskrimineringslova av 2017.

ein rekke særskild spesifiserte diskrimineringsgrunnlag. Desse grunnlaga har som funksjon å klargjere eit forhold eller handling som i utgangspunktet ikkje kan grunngeve skilnadshandsaming.⁶ For vår tilfelle vil religion som grunnlag vere hovudutgangspunktet.

Det som kjenneteiknar slike diskrimineringsgrunnlag er at dei er forbinda med eller kjenneteikn ved ein person eller gruppe, som blir brukt som grunnlag for å skilnadshandsame vedkommande person eller gruppe ein tilsvarsande situasjon.⁷

Problemstillinga har også aktualitet på fleire ulike forhold. Ein av grunnane til at problemstillinga er aktuell, er at staten i moderne tid har påteke seg eit utstrekt ansvar for å tilby sosiale, kulturelle og andre formar for tenester til private og allmenta, og der igjennom inngår det offentlege fleirfaldige avtalar kvart år – som ledd i å tilby slike tenester. Dei tilfella som er aktuell for avhandlinga, er kvar tenester som staten kjøper eller leigar der religionsfridomen kan vere ein utfordring.

Dette kan eksemplifiserast med saka frå Universitet i Agder (UiA):⁸ UiA leiga førelesningssal Q42 av det kristne Filadelfia-trussamfunnet. Det vart aktuelt som følgje av Corona-pandemien, sidan behovet for ein meter avstand mellom studentane førte til eit påtrengande behov for større lokalar. UiA hadde gjort fleire forsøk på marknaden for om det fanst større eller andre lokalar i Kristiansand for å kunne tilby fysisk undervisning til studentane.

Førelesningssal Q42 har mellom anna vert nytta til tre store samlingar for 800-900 studentar og tilsette. Studentane reagerte på at Universitetet låg obligatorisk undervisning til eit lokale der ikkje alle studentar følar seg velkomen grunna det negative verdisynet til trussamfunnet ovanfor – mellom anna– homofile.

I såleis tilfelle blir spørsmålet; kva for omsyn bør vege tyngst? På den eine sida; skal staten ta omsyn til at ikkje alle studentar følar seg komfortabel med å ha førelesning i lokalar dei ikkje oppfattar som livssynsnøytrale? På den andre sida; skal UiA ta omsyn til det religiøse verdigrunnlaget til tenestetilbydar som også er eit trussamfunn?

⁶ Sjø EMK art. 14 og ldl. § 1 jf. § 6 for ein total oversikt over dei spesifiserte diskrimineringsgrunnlaga.

⁷ Høstmælingen (2012) s. 261.

⁸ <https://khrono.no/sier-nei-til-leie-av-lokaler-eid-av-religiose-organisasjoner/422218>.

Studentane meinte rettighetsvernet deira hadde vorte svekt av UiA samanlikna med trussamfunnet, og meinte at studentane skulle sikrast det som for dei opplevast som eit godt læringsmiljø. Eit spørsmål som kan vere av interesse er kva ein rett til «eit godt læringsmiljø» skal målast opp mot? Kva slags rett er retten til eit godt læringsmiljø? Blir religionsfridomen deira krenka, og difor blir miljøet dårleg? I dette tilfelle er det berre verna om studentane sine menneskerettar som kan rettferdiggjere ein skilnadshandsaming av tenestetilbydar.

For trussamfunnets del var Q42 eiga av ein kommersiell aktør – som i dette tilfelle er eiga av eit trussamfunn – og er med på å finansiere aktivitetane til trussamfunnet. Såleis kan ein sei at å leige lokalet er ikkje det same som å ta omsyn til trussamfunnets religiøse verdisyn. Å leige lokalet er å behandle den religiøse aktøren som alle andre aktørar på marknaden.

Trussamfunnet har i utgangspunktet rett til å bli behandla likt med kvar og ein.

UiA - på si sida - meinte at lokalet var livssynsnøytralt då det verken hadde kross eller andre religiøse symbola på veggane. Samstundes var det viktig å få leiga eit lokal for å kunne tilby eit naudsynt læringsstilbod. Saka resulterte i kompromiss der UiA heisa opp regnbogeflagget utanfor lokalet for å vise støtte til studentane og framheva at UiAs verdisyn ikkje er i samsvar med trussamfunnets.

Korleis slike vurderinga slår seg ut vil dermed avhenge av kva momenta og vilkår som gjer seg gjeldande. Utgangspunktet for vurderinga er handlingsrommet til staten for den lovlege og ulovlege skilnadshandsaminga. Det vil sei; under kva omstende vil statens skilnadshandsaming basert på tenestetilbydarens religiøse tilknytning kunne akseptrast som sakleg?

1.3 Metode og rettskjeldebilete

Sakar om religionsfridomen handlar oftast om den ytre trua organisert i møte med andre delar av samfunnet. Behovet for å avvege tenestetilbydars rett til å gje uttrykk for religionen sin mot andre sine interesser gjer seg gjeldande.⁹

I den vidare avhandlinga skal eg bruke Grunnlova si ordlyd og forarbeida, Høgsterettspraksis, internasjonal rett som EMK og EMD si praksis, reelle omsyn og juridisk teori.

⁹ Høstmælingen (2010) s. 62.

Rettskjeldefaktorane blir trekte inn der det er naudsynt for å svare på problemstillinga i avhandlinga og dei øvre spørsmål som blir reist undervegs.

Ved bruk av interne norske rettskjelda vil lovteksten og ordlyda vere sentral. Grunnlova kapittel E, likestillings- og diskrimineringslova og menneskerettslova visar til forpliktingar Noreg har påtatt seg etter konvensjonar og direktiva.¹⁰ Dei sentrale føresegna for vurderinga etter nasjonal rett vil vere Grl. § 98 og ldl. §§ 6 og 9.

Av forarbeida vil Dokument 16 (2011-2012), og Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité sin innstilling; Innst. 186 S (2014-2015) samstundes som ldl. sin Proposisjon 81 L (2016-2017) vere dei mest sentrale. I tillegg vil NOU 2009: 14 og andre forarbeida bli brukt der det er relevant for oppgåva.

Juridisk teori vil vere sentral og vil bli aktivt referert til for å setje lys på dei ulike synspunkta ved tolking av Grunnlova si og ldl. sine føresegner. Til dømes kva vekt praksis frå EMD skal ha ved avgjerder og korleis dei interne reglane i norsk rett skal forståast i samband med EMK artikkel 14.

Den rettspraksis som finst på området og som kan vere aktuell for tolkinga av nasjonal lov er hovudsakleg fokusert rundt spørsmål knytt til rekkevidda av vilkåra i lova om diskriminering og Grl. § 98. Diskrimineringsnemndspraksis er også av betydning ettersom praksisen visar korleis diskrimineringsnemnda vektlegg internasjonal praksis ved sine avgjerder.

Med unntaket av TP 12¹¹ er EMK gjort om til ein del av norsk lov gjennom menneskerettslova.¹² Eit spørsmål av relevans er kva det har å sei for Noreg som ikkje har ratifisert tilleggsprotokollen, og kva tyding den har for forståinga av diskrimineringsvernet for tenestetilbydarar etter norsk lovgjevnad og EMK art. 14? Spiller TP 12 ei rolle ved fortolkinga, slik at det gjeldande regelverket må tolkast utvidande? Eller blir TP 12 berre overflødig? Artikkel 14 er aksessorisk noko som tilseier at den gjeldar berre ved utøvinga av konvensjonsrettigheter. Tilleggsprotokoll nr. 12 til EMK (TP 12)¹³ er relevant for

¹⁰ Menneskerettslova av 1999 §§ 2 og 3.

¹¹ ECHR Additional Protocol No. 12 (2000) Article 1.

¹² Menneskerettslova av 1999.

¹³ ECHR Additional Protocol No. 12 (2000).

avhandlinga i den forstand at protokollen utvidar vernet i diskrimineringsforbodet og vil også kunne utløyse rettsverknadar ved inkorporering i norsk rett.¹⁴

EMK er inkorporert som ein del av norsk lov og dermed krevjar problemstillinga ein gjennomgang av både nasjonale og internasjonale rettskjelda. EMK artikkel 14 vil danne hovudutgangspunktet for oppgåva ettersom konvensjonens artikkel spelar ei viktig rolle i norsk rett, og har påverka rettsutviklinga i Noreg.

EMK artikkel 9 om religionsfridomen er også svært relevant ettersom problemstillinga har eksplisitt fokus på religion som diskrimineringsgrunnlag. I tillegg er EMDs praksis og tolking viktig i den forstand at den har utvikla diskrimineringsomgrepet, vernets karakter, rekkevidde og anvending.

EMD har ulik tolkingspraksis enn den interne norske retten. Ein av grunnane er at EMK er ein konvensjon, og prinsippa for tolking blir ikkje endra ved inkorporering. Konvensjonsstatane har avgrensa myndigheit til å endre konvensjonane gjennom si tolking og praksis. Hovudinnhaldet ligg fast. Såleis er det meir tale om å inkludere nye samfunnsforhold på allereie etablerte forhold.¹⁵

Ulike konvensjonar og direktiva som Noreg har ratifisert vil også vere relevante for problemstillinga. I dette tilfelle er SP artikkel 26 sentral ved at den gjev eit større vern enn artikkel 14 utan avgrensing til konvensjonen.

Enkelte av menneskerettskomité's utsegn vil bli brukt ettersom dei har fått rådgjevande kompetanse og kjem med konkrete oppmodingar til dei enkelte medlemsstatane som vil vere av betydning for oppgåva. I tillegg gjev komiteen generelle utsegner til utvalde tema for medlemsstatane. Desse komiteane er til dømes Human Rights Committee, CCPR General Comment no.18 og General Comment nr. 20 osv. ¹⁶

¹⁴ Høstmølingen (2012) s. 95.

¹⁵ Høstmølingen (2010) s. 61.

¹⁶ Human Rights Committee, CCPR General Comment no.18 (1989) og General Comment nr.20 (2009), art. 10.

Det følgjar vidare av Wien konvensjonens artikkel 32 at EMD har kompetansen til å tolke konvensjonen. EMK skal tolkast i lys av dei tolkingsprinsippa som er kodifiserte i Wien-konvensjonens artikkel 31 første ledd, som lydar følgjande:¹⁷

*«a treaty shall be interpreted in accordance with the ordinary meaning to be given to the terms of the treaty in their context and in the light of its object and purpose».*¹⁸

At konvensjonen er bunden av internasjonal metode inneber at EMK er ein tolkingsfaktor som er relevant ved tolkinga av nasjonal rett, inkludert Grunnlova. Dette er også uttalt i Andenæs og Fliflet der den interne retten skal «tolkes i samsvar med de internasjonale menneskerettighetskonvensjoner Norge har sluttet seg til og inkorporert som gjeldene norsk rett» og leggje til grunn EMD si praksis der det er relevant, jf. menneskerettsloven § 2, jf. Grl. § 92.¹⁹ Eit spørsmål i såleis tilfelle er om dette vil innebære at forarbeida får betydeleg liten rolle ved tolking av menneskerettar etter nasjonal rett, eller om nasjonale domstolar kan vektleggje forarbeida og EMD si praksis og tolking på lik nivå?

Ein utfordring er at mykje framleis er uklart kvar det gjeld problemstillinga. Det er slik sett et reelt behov for avklaring av gjeldande rett. Gjeven mangel på rettleiande nasjonal og internasjonal praksis, og problemstillingas avgrensa behandling i juridisk teori – vil oppgåva i hovudsak forsøkje å illustrere kva vilkår og momenta som kan få betyding gjennom relevant praksis som kan ha overføringsverdi. Oppgåva vil nødvendigvis bere preg av uvisser på enkelte punkt, men det vil likevel trekkast slutningar der det lèt seg gjere – med utgangspunkt i rettskjeldene.

1.4 Terminologi og avgrensing

I avhandlinga vil det bli nytta fleire ulike omgrepa som vil vere ein sentral del av oppgåva og som vil vere gjenstand for gjentaking, difor treng omgrepa ein avklaring for vegen vidare. Av praktiske omsyn, som omsynet til omfanget og tidsbruk, må oppgåva også avgrensast.

¹⁷ Golder mot Storbritannia (1975).

¹⁸ Vienna Convention (1961) artikkel 31.

¹⁹ Johs. Andenæs og Arne Fliflet s. 226. Sjå også Rt. 2000 s. 996 (s.1008) der HR legg til grunn EMD si tolking og praksis i si avgjerd.

Oppgåva er avgrensa til å omhandle statens handlingsrom for lovleg skilnadshandsaming av tenestetilbydarar på basis av deira religiøse tilknytning.

Temaet for avhandlinga er forholdet mellom kommersielle individa eller grupper som tilbydar, allmenta som tenestemottakar, og statlege styresmaktar kvar det gjelder vernet mot diskriminering – ikkje forholdet mellom privatpersonar. Grunna er at rettane i EMK knyter seg primært til individ og gruppa.

Sekkekategori er ein nemning på ordlyda «other status» og «andre vesentlege forhold» i EMK artikkel 14 og ldl. §§ 1 og 6. Den gjev utvida betydning og opnar for å verne forhold utover dei spesifikke diskrimineringsgrunnlaga som er nemnd. Dei grunnlaga som er lagt til er derfor grunnlag etter EMDs tolking av ordlyda. I avhandlinga skal det avgrensast mot denne kategorien.²⁰

I oppgåva vil omgrepa «tenestetilbydar» eller «tenesteaktør», og «tenestemottakar» bli flittig brukt. Med «tenestetilbydar» meinast alle verksemda, og organisasjonar, som faktisk eller potensielt, kan gje tilbod på teneste som skaffast, uavhengig av kontraktsinngåing. I dette tilfelle ein tenestetilbydarar eller tenesteaktørarar som eit trussamfunn, meinigheit, selskap eller organisasjon, men også fysiske personar som drivar religiøst forkynnande verksemd. Til dømes eit kristent trussamfunn som leigar ut eit idrettsanlegg til eit offentleg organ for å kunne tilby innbyggjarane eit akseptabelt anlegg for ulike idrettar og aktivitetar.

Med «tenestemottakar» meinast den valde mottakaren som, på grunnlag av eit kontraktsforhold med tenestetilbydaren, faktisk får – eller kjem til å få – den aktuelle tenesta. Dømesvis eit statleg organ eller kommune, i avtale med tilbydaren, som tilbyr treningsanlegg til innbyggjarane som også er tenestemottakarar.

Skilnadshandsaming og diskriminering er ulike omgrep som brukast for å skildre sjølve handsaminga. Å behandle menneskjer i like situasjonar ulikt eller menneskjer i ulike situasjonar likt, utan objektiv og rimeleg grunngjeving er å diskriminere – og kan utløyse ulike rettsverknader. Omgrepet «skilnadshandsaming» brukast for å omtale både den lovlege og den ulovlege handsaminga. Mens omgrepet «diskriminering» brukast kunn om den

²⁰ Prop. 81 L (2016-2017) s. 82.

ulovlege handsaminga. Kva som er ulovleg skilnadshandsaming må vurderast ut frå dei konkrete forholda.²¹ For problemstillingas del blir det tale om statens handlingsrom mellom usakleg og sakleg skilnadshandsaming som kan føre til diskriminering.

Diskriminering kan også delast inn i formell og reell diskriminering. Formell diskriminering vil sei at alle - herunder tilbydar og mottakar - har like rettar i samfunnet. Dette tilseier – mellom anna – det som er nedfelt i lov.²² Dømesvis skal alle tenestetilbydarar ha like moglegheiter til å kunne delta på alle arenaer ved å gje tilbod på ei teneste. Dette kan gjelde tenestetilbod innanfor utdanning, arbeid osv. Det finst også fleire nasjonale og internasjonale lovar og reglar Noreg har knyta seg til som regulerer formell likestilling.²³ Til dømes kvinnediskrimineringskonvensjonen, rasediskrimineringskonvensjonen, ØSK, SP osv.²⁴

Reell diskriminering vil sei at alle, uansett gruppetilhøyr eller personlege forhold – faktisk – har like moglegheiter til deltaking og utvikling i samfunnet. Dette inneber at dersom enkelte grupper, dømesvis med religiøs tilknytning, har større risiko for å bli utsett for ulemper eller skilnadshandsaming, har desse eit behov for vern gjennom – mellom anna – positiv særbehandling for å unngå å bli diskriminert.²⁵ Formålet er at den positive særbehandlinga skal brukast som eit naudsynt verkemiddel for å fremje likskap og meir rettferdig behandling.²⁶ Sjølv om positiv særbehandling eksisterer på dette rettsområdet, vil det likevel for problemstillingas del ikkje vere relevant for tenestetilbydar og tenestemottakar.

1.5 Vidare framstilling

I den vidare framstillinga vil det først bli sett på EMK og det generelle diskrimineringsvernet etter artikkel 14. Samstundes vil det bli kort gjort greie for kva som meinast med å gje uttrykk for sin religion etter EMK artikkel 9 i lys av problemstillinga. Etter det vil vilkåra for lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter EMK artikkel 14 gjennomgåast med særleg vekt på korleis dette skal forståast i relasjon til tenestetilbydar med religiøs tilknytning og tenestemottakar.

²¹ Prop. 81 L (2016-2017) s. 118.

²² Prop. 81 L (2016-2017) s. 118.

²³ Prop. 81 L (2016-2017) s. 119.

²⁴ Alle er inkorporert i menneskerettslova av 1999.

²⁵ Prop. 81 L (2016-2017) s. 30.

²⁶ Prop. 81 L (2016-2017) s. 119 og 169.

Vidare skal eg gå over til den interne norske retten og gjere greie for Grunnlova § 98 i samband med likestillings- og diskrimineringslovas § 9, jf. § 6. Ved utgreiinga er særleg om korleis den interne retten må forholde seg til EMK og EMDs tolking og praksis i relasjon til tenestetilbydar og tenestemottakar. Eit vitktig punkt er kva konsekvensar TP 12 vil resultere i for norsk rett i relasjon til tenestetilbydarar ved ein eventuell ratifikasjon. Avslutningsvis vil det bli gjort greie for ein kort oppsummering.

2 Diskrimineringsvernet etter EMK art. 14

2.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg ta utgangspunkt i EMK artikkel 14 og gjere greie for det generelle diskrimineringsvernet. Det vil bli forklart kva som meinast med artikkelens aksessoriske karakter og kva dette har å sei for problemstillinga. I tillegg vil det bli kort gjort greie for EMK artikkel 9 og dens samanheng med artikkel 14 i lys av problemstillinga.

Ein viktig merknad er dersom det føreligg skilnadshandsaming av tenestetilbydarar grunna religion etter artikkel 9, må også skilnadshandsaminga føre til diskriminerande behandling, jf. artikkel 14. Sjølv om det føreligg skilnadshandsaming på basis av religion, kan den fortsatt vere lovleg og såleis ikkje nødvendigvis føre til diskriminering. For vegen vidare er det difor naudsynt å først gjere greie for artiklane 9 og 14, og dens diskrimineringsvern i forhold til tenestetilbydarar med religiøs tilknytning.

2.2 EMK artikkel 14

EMK art. 14 lydar som følgjande:

*«Utøvelsen av de rettigheter og friheter som er fastlagt i denne konvensjon skal bli sikret uten diskriminering på noe grunnlag slik som kjønn, rase, farge, språk, religion, politisk eller annen oppfatning, nasjonal eller sosial opprinnelse, tilknytning til en nasjonal minoritet, eiendom, fødsel eller annen status».*²⁷

Ut frå ordlyda er det kunn ivaretaking av «rettigheter og friheter som er fastlagt i denne konvensjonen» som er verna mot diskriminering. Det vil sei at den gjeld berre utøvinga av konvensjonsrettigheter.

Artikkelen blir knyta opp mot skilnadshandsaming som ligg innanfor interesseområdet til dei andre artiklane i konvensjonen. I prinsippet kan kvar og ein skilnadshandsaming bringast inn for domstolen, så lenge det fell innanfor konvensjonens anvendingsområde. Dette tilseier at

²⁷ Menneskerettslova (1999) artikkel 14

det berre i tilfelle der det finst brot på ei annan artikkel at det kan bli aktuelt å konstatere brot også på artikkel 14 – derav aksessorisk.²⁸ Sidan artikkel 14 ikkje er ei uavhengig føresegn blir styrken også redusert.

Artikkel 14 har dermed eit snevrare anvendingsområde enn til dømes FN-konvensjonen av 1966 om sivile og politiske rettar artikkel 26, som seier at:²⁹

«Alle er like for loven og har uten noen form for forskjellsbehandling rett til lik beskyttelse av loven [...]»

Ordlyden etter konvensjonen om sivile og politiske rettar stillar ikkje opp krav eller vilkår om at det kunn er ivaretaking av rettigheiter i sjølve konvensjonen, men heller eit utvida vern som gjeld «lik beskyttelse av loven» og ikkje berre «fastlagt i denne konvensjonen». Artikkel 26 framhevar likskapen for lova på alle områda og ikkje berre dei som er verna av konvensjonen. Den gjev dermed ein meir sjølvstendig og utvida rett for alle samanlikna med artikkel 14.

Ettersom artikkel 14 har eit snever anvendingsområde vart EMKs tilleggsprotokoll nr. 12 utarbeida for å utvide ikkje-diskrimineringsvernet i artikkelen. Ordlyda til TP 12 nr. 1 «any right set forth by law» tilseier ein kvar rett for individa eller grupper som følgjar av lov. I dette ligg det ei utviding av rekkevidda til diskrimineringsvernet.³⁰ Protokollen blei vidare tolka av EMD at dersom saksforholdet «falls within the ambit»³¹ kunne saka behandlast av domstolen.

Skilnaden mellom tilleggsprotokollen samanlikna med artikkelen 14 er at det ikkje lenger er naudsynt for individet eller gruppa å vise at forholdet som blir gjenstand for diskriminering også må vere gjenstand for ein konvensjonsverna rett.³² For tenestetilbydarar med religiøs tilknytning – og tenestemottakarar – vil dette medføre eit større vern og ein utvida rett til å påkalle seg diskriminering etter artikkel 14.

²⁸ NOU 2009: 14 s.293-295.

²⁹ Menneskerettslova (1999) artikkel 26.

³⁰ Sjå kapittel 4 punkt 4.5 om nærare avklaring av tilleggsprotokoll 12.

³¹ Carson og andre mot Storbritannia (2008) avsnitt 70.

³² NOU 2009: 14 s. 299.

Kvar det gjeld vern av tenestetilbydarar med religiøs tilknytning som juridiske personar, vernar artikkel 14 i den utstrekkinga føresegna som diskrimineringsvernet blir relatert til tillèt vern av interessene. I dette tilfelle tilseier det mellom anna organisasjonar, politiske parti, føretak, foreining, stiftelse osv.³³

Ei døme som illustrerer dette er Pine Valley Developments mfl. mot Irland, der spørsmålet var om eit næringsutviklingsselskap var blitt utsett for diskriminering grunna ein lovendring. Saka omhandla om ein planleggingsløyvet var ugyldig kombinert med statens manglande validering av løyvet med tilbakeverkande kraft. På spørsmålet om juridiske personar hadde krav på diskrimineringsvern var det tilstrekkeleg at selskapets holdingselskap var vorte utsett for diskriminerande behandling i relasjon til sin eigedomsrettslege vern etter EMK første tilleggsprotokoll artikkel 1.³⁴

Ein direkte tolking av dommen kan tyde på at det blir tillagt mindre vekt av EMD ved vilkåret om at skilnadshandsaminga må vere basert på ei diskrimineringsgrunnlag, men heller eit samanheng med grunnlaga. Dette vil såleis resultere i at juridiske personar får ein utvida rett og lettare kan påkalle seg diskriminering.³⁵

Vernet i artikkelen kan også delast inn i personell og materiell rekkevidde. Den personelle delen gjeld for alle individa og grupper innanfor statens jurisdiksjon som tilseier både juridiske og fysiske personar – uavhengig av deira statsborgarar. I såleis tilfelle er tenestetilbydarar omfatta.³⁶

Den materielle delen inneber at artikkel 14 må vurderast konkret i kvar enkelt sak. EMD har ikkje utarbeida generelle retningslinjer for interesseområdet til kvar enkelt føresegna i konvensjonen. Dette er heller ikkje mogleg ettersom kvar sak har sitt særpreg, karakter og omfang som krevjar ein særskild konkret vurdering. Dømesvis vil dei ulike tenestetilbydarars tilbud på ei teneste ha ulik innhald og såleis også må vurderast individuelt ut frå tenestetilbodet.

³³ NOU: 2009:14 s. 117. Sjå også Pine Valley Developments Ltd mfl. mot Irland (1991).

³⁴ NOU: 2009:14 s. 115.

³⁵ NOU: 2009:14 s. 117.

³⁶ Bertelsen (2011) s. 357.

Ein merknad i relasjon til EMDs anvending av artikkel 14 er at EMD som utgangspunkt brukar artikkel 14 som ein subsidiær anføring, og vurderer artikkelen på ulike måtar.³⁷ Mellom anna har domstolen gjort ei tilleggsvurdering av artikkelen samanhalde med den materielle føresegna. Dømevis artikkel 8 eller 11, som ofte blir påkalla saman med artikkel 14. Dette visar at det må eksistere eit samband mellom den påståtte diskrimineringa og ein rett som er verna i konvensjonen. Ein annan måte EMD har brukt, er at domstolen har funne krenking av den sjølvstendige føresegna, og deretter uttale at det ikkje er naudsynt å vurdere artikkel 14 i tillegg.

Eit spørsmål er om diskrimineringsvernet i artikkelen kan få meir sjølvstendig posisjon dersom EMD dømesvis fokuserer mindre på dei rettar artikkel 14 blir oppført saman med og brukar artikkelen uavhengig av andre artiklar. På den annan side kan det tyde på at dette ikkje er innanfor EMDs kompetanse, jf. ordlyda i art. 14 som visar til resten av konvensjonsrettane.³⁸

2.3 EMK artikkel 9

Som allereie nemnd i punkt 2.1, dersom det føreligg skilnadshandsaming grunna religion, vil påstanden om diskriminering difor kunne falle «within the ambit»³⁹ av konvensjonsartikkelens rettsområdet. I såleis tilfelle blir handlinga gjenstand for drøfting om diskriminering, jf. artikkel. 14. Spørsmålet er førebels kva påstanda er å rekne å falle «within the ambit» av konvensjonsartikkelens rettsområdet?

Artikkel 9 vernar ikkje ein kvar handling som er motivert eller inspirert av eins religion og sikrar heller ikkje alltid retten til å praktisere eller gje uttrykk for religionen.⁴⁰ Dette inneber at dersom tenestetilbydar eller tenestemottakar skal kunne påkalle seg diskriminering på basis av religion må påstanden eller praksisen vere eit direkte uttrykk for den. Ei døme er tilbeding på arbeidsplassen – som også er ein del av utøvinga i fleire religionar som islam, kristendom, jødedom osv.⁴¹

³⁷ Bertelsen (2011) s. 357.

³⁸ NOU 2009: 14 s. 295-297. Sjå også Edel (2010) s. 10.

³⁹ Carson mfl. mot Storbritannia (2008) avsnitt 70.

⁴⁰ Menneskerettslova av 1999 artikkel 9.

⁴¹ Prop. 81 L (2016-2017) s. 84.

På den andre sida er «within the ambit» ikkje avgrensa til å omfatte berre slike handlingar, men det må likevel vere ein tilstrekkeleg nær og direkte samanheng mellom handlinga og trua som må vurderast ut i frå saksforholdet i kvar enkelt tilfelle.

For problemstillinga inneber det at sjølv om praksisen er eit direkte uttrykk og er nært knyta til den aktuelle religionen, kan også andre handlingar og praksis falle «within the ambit» av konvensjonens rettsområdet – dersom forholda tilseier det.⁴² I dette tilfelle kan nemnast ein muslimsk manns bruk av eit hovudplagg – som ikkje nødvendigvis vil representere ein religiøs plikt eller direkte uttrykk for religionen – men som kan ha sterke tradisjonelle røter at det blir sett på som å utgjere ein religiøs plikt og såleis falle «within the ambit» av konvensjons rettsområdet.⁴³

Det kan avslutningsvis oppsummerast at det som reknast å falle «within the ambit» er – mellom anna – påstandar som vil knyte seg til ei faktisk handling eller unnlating frå statens side, men vil rettsleg sett alltid gå ut på at denne handlinga eller unnlatinga har krenka verna etter artikkel 9. Dersom vernet etter artikkel 9 er krenka blir spørsmålet om krenkinga kan teiknast som ulovleg og derav resultere i diskriminering etter artikkel 14.

⁴² Eweida mfl. mot Storbritannia (2013) avsnitt s. 84.

⁴³ Hamidović mot Bosnia-Herzegovina (2017) avsnitt 30.

3 Grensedraging mellom lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter artikkel 14

3.1 Innleiing

Dette kapittelet har som formål å belyse ulike vilkår og momenta som gjer seg gjeldande ved grensedraginga mellom lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter EMK artikkel 14. Der staten har handla i strid med konvensjonens artikkel 9 ved utveljinga av tenestetilbydar blir spørsmålet i kva tilfelle eit slikt brot samstundes representerer ein ulovleg skilnadshandsaming og derav diskriminering.

Eit spørsmål av betydning er om tenestetilbydar kan stille vilkår eller atterhald som kjem i konflikt med sjølve tilbodet, eller er staten forplikta til å velje den best kvalifiserte tilbydaren uansett atterhald? Ei anna spørsmål er kven staten må ta størst omsyn til ved interesseavveging mellom omsynet til tenestetilbydar, tenestemottakar og dei samfunnsinteressa som gjer seg gjeldande? For å kunne svare på dette skal det nyttast ulike rettskjelda kvar EMD si avgjerder vil vere dei mest sentrale.

I det følgjande vil ikkje alle EMD si avgjerder ha direkte relevans, men fleire av vilkåra, momenta og kriteria i domane vil ha overføringsverdi på problemstillinga. Mitt hovudfokus vil vere på forholdet mellom staten og tenestetilbydar, men tenestemottakar vil bli drøfta der det er naturleg.

Ikkje ein kvar skilnadshandsaming er konvensjonsstridig. Artikkel 14 rammar ulovleg skilnadshandsaming som resulterer i diskriminering. Diskriminering blir delt på same måte som skilnadshandsaming – inn i direkte og indirekte. Begge formar for diskriminering er forboden etter norsk og internasjonal rett.⁴⁴

Direkte diskriminering er kvar skilnadshandsaminga eksplisitt har samanheng med eit eller fleire av diskrimineringsgrunnlaga. Det er diskriminering dersom det ikkje føreligg nokon

⁴⁴ EMK art. 14 og ldl. §§ 7 og 8.

tilstrekkeleg grunngeving for den aktuelle skilnadshandsaminga. Ei døme er der staten legg ut anbod med eit eksplisitt vilkår kvar religiøse tenestetilbydarar er utelatt.⁴⁵

Indirekte diskriminering føreligg kvar ein regel eller atterhald er nøytral, men har ein verknad som inneber reel skilnadshandsaming. Dette tilseier føresegna, vilkåra osb. som bygg på nøytrale kriteria, men førar til at tenestetilbydarar hamnar i ein dårlegare posisjon enn andre. Til dømes på basis av religion, kjønn osb. eller kombinasjonar av desse.⁴⁶

For å trekke ei grense for kva som utgjer lovleg og ulovleg skilnadshandsaming må det først fastslåast om fakta i saka fell innanfor verkeområdet for ein eller fleire av konvensjonsartiklane.⁴⁷ Dersom det er tilfelle, blir spørsmålet om det fanst ein skilnadshandsaming. Dette må vurderast ved å samanlikna – herunder tenestetilbydarar – med kvarandre om dei er i «relevantly similar situations». Dersom dei er i like eller ulike situasjonar, må det vidare grunnjevast om skilnadshandsaminga hadde ein «objective and reasonable justification».

Det er ein viss deling av bevisbyrde mellom staten og klagaren – herunder tenestetilbydar. Først må tenestetilbydar bevise at det har vore skilnadshandsaming – at den er basert på eit bestemt diskrimineringsgrunnlag.⁴⁸ Dersom tilbydaren har bevisa at det føreligg skilnadshandsaming, tilkjem det staten å vise at skilnadshandsaminga kan rettferdiggjeras.

3.2 Relevante liknande situasjonar

Det første vilkåret er at det må vere ein skilnad i behandlinga av «persons in relevantly similar situations».⁴⁹ Dette tilseier at tenestetilbydarar må vere i relevante liknande situasjonar. For å vurdere om det finst diskriminering er enten at to tenestetilbydarar i same situasjon blir annleis behandla, eller at to tenestetilbydarar i ulik situasjon blir likt behandla. Momenta som

⁴⁵ NOU 2009: 14 s. 42. Sjå også ØSK-komiteen, General Comment nr. 20 (2009) artikkel 10 om definisjonen på direkte og indirekte diskriminering.

⁴⁶ Ibid s. 42.

⁴⁷ Strand og Larsen (2015) s. 29.

⁴⁸ Sjå også Pine Valley Developments Ltd mfl. mot Irland (1991) s. 15 i ECHR sine vedlegg.

⁴⁹ Burden mot Storbritannia (2008) avsnitt 60.

karakteriserer like situasjonar – og fastslår samanlikninga – må vurderast i lys av sakas konkrete forhold.⁵⁰

Kva som utgjer «relevantly similar situations» var gjenstand for drøfting av EMD i *Burden mot Storbritannia*.⁵¹ Klagaren var sysken som budde saman i same bustad. Dei argumenterte for at dei var diskriminert grunna dei ikkje kunne testamentere eigedom mellom dei ved dødsfall utan arveavgift under Storbritannias partnerskapslov – mens eigedom mellom ektefellar eller sivile partnarar var unnateke. Den britiske lova føresetjar registrert partnerskap eller ekteskap for å kunne unngå arveavgift ved testament. Spørsmålet var om sysken – på den eine sida – og ektefellar eller sivile partnare - på den andre sida – var i liknande situasjonar.

Domstolen går over på dei konkrete forholda i saka og seier at forholdet mellom sysken er kvalitativt av ein annan art enn den er mellom ektepar og partnarar.⁵² EMD grunngjev det med at essensen av bindinga mellom sysken er samanfallande, mens eit av dei definerte eigenskapane til eit partnerskap under partnerskapslova er forbode for nære familiemedlemmar. At sysken har velja å leve saman – som også gifte og sambuarar gjer – endrar ikkje den vesentlege skilnaden mellom dei to type forholda.⁵³ Retten kom fram til at partnerskapslova ikkje kan anvendast analogisk på syskenforhold.

For problemstillingas del tilseier det at tenestetilbydarar som meiner seg skilnadshandsama på bakgrunn av religion må kunne vise til at dei har vorte behandla ulikt enn andre tenestetilbydarar. Situasjonen må kunne anvendast på dei konkrete forholda. Staten vil alltid få tilbod på teneste av ulike bydarar kvar alle må vurderast likt under dei konkrete forholda.

Sjølv om fleire tilbydarar har gjeve tilbod på same teneste, kan tenestas innhald tilsei at nokre av tilboda kan uteleukkast ettersom dei ikkje er av same karakter eller omfang som dei øvre, eller at tilbodet ikkje er i samsvar med formålet med tenesta som ynskjast for tenestemottakaren.

Desse momenta vart vidareført i *Petrov mot Bulgaria*.⁵⁴ Dommen har parallellar til *Burden mot Storbritannia*. Saka dreiar seg om ekteskap og giftarmål. Spørsmålet var kvar vidt gifte og

⁵⁰ Hode og Abdi mot Storbritannia (2012) avsnitt 50.

⁵¹ *Burden mot Storbritannia* (2008).

⁵² *Ibid* avsnitt 60-62.

⁵³ *Ibid* avsnitt 62.

⁵⁴ *Petrov mot Bulgaria* (2008).

ugifte par hadde moglegheit til å kommunisere via telefon medan den eine partnaren sat i fengsel. Den nasjonale domstolen meinte at situasjonen til gifte og ugifte par var ikkje analog, samstundes gav ikkje intern rett ein slik rettigheit til ugifte. Til det uttalte EMD at: ⁵⁵

«article 14 does not forbid every difference in treatment in the exercise of the rights and freedoms recognised by the Convention.»

I tillegg til dette seier EMD vidare at ekteskapet er ein institusjon som er allmenn akseptert og får særbehandling, men det er likevel ingen skilnad i situasjonen mellom innsette med ektefeller og innsette med ugifte partnarar som har eit etablert familieliv. Domstolen framhevar også at etablert partnerskap mellom ugifte er i framvekst og såleis også meir vanleg enn tidlegare. I dette tilfelle gav konvensjonen minimumsrettar og retten for ugifte par vart innskrenka i forhold til gifte par. ⁵⁶

Einaste skilnaden var eit offisielt juridisk godkjent dokument som tilsa at gifte hadde inngått eit ekteskapsband. Dette kunne dermed ikkje vere det avgjerande i ein analogisk situasjon. Ein tolking av domen tilseier at dersom ein gruppe i lik situasjon skilnadshandsames må også dei andre skilnadshandsames på tilsvarande måte.

For problemstillingas del visar domstolens avgjerda at forholda for tenestetilbydar eller tenestemottakar som er i vesentlig lik grad, må behandlast likt sjølv om det finnast enkelte skilnadar. Såframt kravet om analoge tilfella i det vesentlege er oppfylt, forbyr ikkje artikkelen *«every difference in treatment in the exercise of the rights and freedoms»*. ⁵⁷

Ei anna moment er at leverandørar kan ikkje med konvensjonen i hand krevje at staten inngår avtale med alle, heller ikkje der tilboda er like gode eller samanliknbar.⁵⁸ Dersom tilfella ikkje er samanliknbar er det ingen grunn til å anta at eventuell skilnadshandsaming var motivert av eit av kriteria i artikkel 14. Då er det – tvert imot – naturleg at skilnadshandsaminga var motivert av at tilfella ikkje var like. Dette inneber også at lik behandling av vesentleg ulike

⁵⁵ Ibid avsnitt 52.

⁵⁶ Ibid avsnitt 52-54.

⁵⁷ Sjå også Timishev mot Russland (2006) avsnitt 54 kvar EMD kom til same konklusjon. Etnisk tsjetsjenarar vart halda att ved grensa mellom Kabardino-Balkar og Ingushetia. Det førelåg diskriminering ettersom den tsjetsjenske folkegrupper var i analogisk situasjon med dei andre etniske folkegrupper.

⁵⁸ Høstmølingen (2012) s. 266.

situasjonar kan føre til diskriminering. Ikkje berre skal slike situasjonar behandlast likt, men ulike situasjonar skal behandlast ulikt.

Dersom tilbydarar er i like situasjonar bryt ikkje staten nødvendigvis sine forpliktinga etter EMK ved å vektleggje enkelte skilnadar - dømesvis religion som eit moment ved inngåing av kontrakt med ein tilbydar framfor dei andre.⁵⁹ Elementa som karakteriserer like situasjonar må vurderast i lys av tenestetilbodet, formåla med tenesta og korleis mottakaren av tilbodet blir ramma.

Staten må også velje dei tilboda som tek omsyn til forholda og interessa i dei konkrete tilfella. Til dømes tenestetilbydarar med tilbod A og B er i like situasjonar og lik kvalifiserte, men statleg selskap veljar tilbod A kvar dei får leige lokalet til sommarfest og lov til å servere alkohol, mens ved tilbod B ville servering av alkohol vore forboden i lokalet. I slike tilfelle kan statleg selskap velje tilbod A til omsyn av mottakaren og øvre interessa.

3.3 Objektiv og rimeleg grunn

Det neste spørsmålet er om staten kan rettferdiggjere handlinga utan at det førar til ulovleg skilnadshandsaming.

Skilnadshandsaminga er diskriminerande dersom den ikkje er «objective and reasonable».

Ordlyda tilseier at grunngevinga må forfølgje eit legitimt mål og det må vere rimeleg forhold til samhøve mellom dei anvendte verkemidla og målet som skal realiserast. Dette inneber ein proporsjonalitetsvurdering der det ved avgjerda er relevant om formålet dømesvis kan oppnåast på andre måtar som er mindre inngripande.⁶⁰ Momenta som inngår i ein heilskapleg vurdering avheng av dei konkrete saksforholda.

Staten som kontraktspart er forplikta til å finne ein rettferdig balanse mellom vern av dei motstridande interessa mellom tenestetilbydar, tenestemottakar og dei øvre samfunnsforhold for dei rettane som er verna av konvensjonen.⁶¹

⁵⁹ Petrov mot Bulgaria (2008) avsnitt 60-62.

⁶⁰ Guide on Article 14 of the ECHR (2020) s. 28.

⁶¹ JD og A mot Storbritannia (2019) avsnitt 83.

Eit moment er at artikkel 14 forbyr ikkje skilnadshandsaming som byggjar på ei vurdering av ulike faktiske omstende. Dersom ulike tilbydarar behandlast ulikt av staten – til dømes kva gjeld skattar og avgifta – er det ikkje tale om diskriminering.

Ei anna moment er at staten har moglegheit til å vektleggje religion som eit moment i den heilskaplege vurderinga der det er tale om tilbydarar som er lik kvalifiserte. Poenget er at i slike tilfelle må staten gje ein «objective and reasonable justification» for skilnadshandsaminga. Dersom staten ikkje kan det, kan skilnadshandsaminga bli sett på som diskriminerande.⁶²

Ei tredje moment som ikkje er tilstrekkeleg grunngjeving, er statens fordommar som refererer til tradisjonar, generelle meiningar eller sosiale haldningar. Diskrimineringsgrunnar som også er relaterte til visse ibuande personlege eigenskapar eller djupthalda overtydingar og tru har staten bevisbyrden for å bevise om at skilnaden i elles liknande situasjonar rettferdiggjjer handsaminga mellom tenestetilbydarar.⁶³

Skilnadshandsaminga som er basert på basis av personlege eigenskapar eller sosiale haldningar til tenestetilbydarar kan eksemplifiserast med EMD-saka Pitkevich mot Russland.⁶⁴ Saka omhandlar ein russisk dommar som vart seia opp frå stillinga si for å la ver forpliktingane som ligg i rettsvesenet og undergrava si autoritet.

Klagaren hadde brukt stillinga si som dommar for å fremje dei religiøse interessene hennar og å skremme partane i saka. Til dømes hadde klagar under rettsmøte lova partar i forhandlingane ei gunstig utfall dersom dei vart medlem i kyrkja hennar, og offentleg kritisert moralen til enkelte parti frå kristen vinkel.

EMD føretok ein heilskapleg interessevurdering og kom fram til at klagaren ikkje hadde vorte oppsagd på grunnlag av hennar tilhøyrse til kyrkja men på grunn av aktivitetane hennar som hadde vert uforeinleg med krava til dommarembete og braut med prinsippet om rettsstaten. Domstolen uttalte også at skilnadshandsaminga var ikkje basert på eit personleg val som var

⁶² Jacobs, White, and Ovey (2017) s. 646. Sjå også kapittel 3.2 om å vektleggje religion som eit moment.

⁶³ Jacobs, White, and Ovey (2017) s. 647-648.

⁶⁴ Pitkevich mot Russland (2001).

kopla til personlegdomen til individet. Retten seier vidare at sjølv om det hadde vore ei innblanding i utøvinga til klagaren av hennar rettigheter, var innblandinga proporsjonal med dei legitime formåla.

For problemstillinga betyr det i utgangspunktet at dersom ein tenestetilbydar med religiøs tilknytning kjem i konflikt med arbeidsoppgåva eller tenesta blir råka av religion ved at den rammar mottakaren, kan staten lovleg skilnadshandsame ved å velje ein annan tilbydar. Staten er ikkje forplikta til å velje ein tenestetilbydar der tilbodet kjem i konflikt med tenesta eller rammar mottakaren som skal nytte seg av tilbodet.

Det følgjar også av EMD-praksis at ein tenestetilbydar heller ikkje er forplikta av tilbodet og kan trekkje seg frå kontrakten, og velje ein annan kontraktspart som imøtekome verdigrunnlaget.⁶⁵

Uttrykk for religion på arbeidsplassen var også eit tema i Eweida og Chaplin mot Storbritannia⁶⁶ Saka gjeld avgrensingar ved bruk av religiøse symbol på jobben. Eweida som er ein praktiserande kristen tilsett i British Airways og Chaplin som ein praktiserande kristen som jobba som sjukepleiar på eit statssjukehus klaga over at arbeidsgjevarane deira forbaud dei å synleg ha på seg kristne kross rundt halsen på jobb.

I begge saka føretar EMD ein heilskapleg interesseavveging av båe den samfunnsmessige og individuelle verdien av religionsfridomen. For problemstillinga inneber det om staten har gjort ein rettferdig balanse mellom vern av interessene og respekten i samfunnet for dei rettane som er verna av konvensjonen.⁶⁷ Altså vernet av omsynet til tenestetilbydar og tenestemottakar samstundes teke omsyn til dei øvre samfunnsforholda.

⁶⁵ Sjø Kontinen mot Finland (1994) avsnitt 78. Saka gjaldt ein tilsett som var medlem av den sjuande dagen adventistkyrkja – og kunne ikkje jobbe i løype av sabbaten. Han påstod seg diskriminert på bakgrunn av religion. EMD uttalte at: «*the applicant was not dismissed because of his religious convictions but for having refused to respect his working hours*». Hans religionsutøving kom i konflikt med arbeidsoppgåvene. EMD uttalte at han hadde moglegheit til å velje annan arbeid som ikkje ville vere konfliktskapande for utøvinga av religion.

⁶⁶ Eweida og andre mot Storbritannia (2013). Utsegna frå dommen har også blitt lagt til grunn i Nrk-saka i LDN sak 46/4014 – som eg kjem tilbake til i kap. 5.

⁶⁷ Eweida og andre mot Storbritannia (2013) avsnitt 94.

I Eweida konkluderte domstolen med at dei innanlandske styresmaktene ikkje i tilstrekkeleg grad verna retten klagaren hadde til å manifestere religionen sin – og i strid med dei positive forpliktingane i konvensjonen. I Chaplin – derimot – meinte retten at det ikkje hadde vore noko brot på artikkel 9, jf. artikkel 14.

I Eweida uttalte domstolen at innanlandske domstolar ikkje hadde balansert dei konkurrerande interessene på ein rettferdig måte. På den eine sida var klagarens ynskje om å kunne manifestere den religiøse trua hennar. På den andre sida var ynskje til arbeidsgjevaren hennar om å projisere eit bestemt bedriftsimage. Krosse var diskret og brot ikkje med Eweidas profesjonalitet. I tillegg fekk andre tilsette bruke religiøse symbol som turban og hijab utan nokon negativ innverknad på arbeidsplassen eller arbeidsoppgåvene. Avgrensinga var dermed diskriminerande.⁶⁸

I Chaplin meinte retten at grunna til å fjerne kross var vern av helse og sikkerheit på ei sjukehusavdeling som var av mykje større tyding. Til dømes kunne krosse føre til skadar og infeksjonsrisiko dersom pasientar treffe halskjede eller dersom krosse kom i kontakt med eit ope sår. Avgrensinga i Chaplins rett var derfor proporsjonal i forhold til formålet og dermed objektiv og rimeleg.

Ein tolking av domsavgjerdar viser at statens manglande heilskapleg vurdering der det ikkje føreligg objektive eller rimelege grunnar vil føre til brot og vere diskriminerande. Dersom mindre inngripande alternativa føreligg, må desse realiserast. Staten som kontraktspart må vurdere kvar sak konkret og individuelt i forhold til kvar enkelt tilbydar.

Ein konkret proporsjonalitetsvurdering i samband med det legitime formålet for tenesta er naudsynt kvar staten avgjer kva for ein tilbydar den veljar utan å krenke rettane til andre tilbydarar, samt teke vare på omsynet til mottakaren og omsynet til samfunnsinteressa som gjer seg gjeldande.

Staten kan – som i Chaplin – lovleg skilandshandsame dersom arbeidsoppgåvene blir negativ påverka grunna religiøs overtyding. Til dømes kan ein kristen lærar som driv med

⁶⁸ Ibid avsnitt 95-98.

forkynnande verksemd i undervisninga på ein offentleg skule komme i konflikt med arbeidsoppgåvene ho er sett til å gjere.⁶⁹

Staten kan også velje ein religionsnøytral tilbydar til fordel for ein kristen meinigheit - dersom meinigheita sitt religiøse verdigrunnlag påverkar andre sine interesser. Til dømes kvar staten inngår avtalar, spesielt der desse avtalane omhandlar eit tenestetilbod til andre private som drift av sjukeheim og heimehjelp-tenestar har staten plikt til å sikre religionsfridomen til både tenestemottakar og tilbydar på ein ikkje-diskriminerande måte.⁷⁰

Eit anna spørsmål er om tenestetilbydaren kan legge inn religiøst grunngeve atterhald eller vilkår.⁷¹ Til dømes kvar statlege selskapet får leige lokalet og kan nyttast til kursverksemd, men ikkje søndagar, og berre dersom den religiøse utsmykkinga får henge i fred. I slike tilfella vil vurderinga gå ut på om kven atterhalda rammar og om tenesta som staten ynskjer å nytte seg av blir direkte ramma av atterhalda eller vilkåra. Dersom tenesta og atterhalda ikkje har ein samanheng eller ikkje blir negativt påverka, kan tenestetilbydaren legge inn slike vilkår. På den andre sida har staten retten til å ikkje inngå avtalen av omsyn til dei som skal nytte tenesta dersom atterhalda direkte ramma mottakaren av tenesta.

3.4 Veldig tungtvegande grunnar

Som nemnd i punkt 2.1, har alle sakar sitt særpreg og det er ikkje tilstrekkeleg å lage generelle retningslinja og kriterium for alle saka som kjem inn til EMD. På enkelte områda kan skilnadshandsaming vere vanskelegare å rettferdiggjere av nokon grunnar enn andre. Jo meir inngripande handling av staten, jo større krav stillast til objektiv, rimeleg og rettferdig grunn. Ved slike situasjonar har EMD oppstilt ein høgare terskel kvar staten må ha tungtvegande grunnar for å rettferdiggjere handlingane sine.

I praksis blir ikkje momentet vurdert uttrykkeleg, men domstolen nyttar ein strengare målestokk eller at skjønnsmarginen til statane er avgrensa i dei konkrete tilfella. Slike sakar blir underlagd ein meir omfattande prøving.⁷² I D.H. mot Tsjekkia visa domstolen til momentet og uttalte at den vanskelege historia til rom-folket har ført til at dei er ein sårbar

⁶⁹ Strand (2012) s. 342.

⁷⁰ Jacobs, White, and Ovey (2017) s. 654.

⁷¹ Sjå også kapittel 5 punkt 5.3.

⁷² Strand og Larsen (2015) s. 30.

minoritet og at forholdet derfor «*require special protection*» og derav må staten også ha veldig tungvegende grunnar for å rettferdiggjere skilnadshandsaminga rom-folket vert utsette for.⁷³

EMD si praksis visar at eit krav treft av staten som krevjar «veldig tungtvegende grunnar» først gjer seg gjeldande i særleine situasjonar.⁷⁴ Til dømes kvar staten har eit vilkår for tenesta som direkte rammar tenestetilbydarar med religiøs tilknyting, eller ynskjer å rettferdiggjere skilnaden eksklusivt basert på religion, må «veldig tungtvegende grunnar» rettferdiggjere handsaminga. Sjølv om det føreligg fleire svake grunnar, kan desse samla sett utgjere tungtvegende grunnar. I slike tilfella er det også stilt større krav til bevis.⁷⁵

3.5 Statens skjønnsmargin

Som også vist i punkt 3.1-3-3 må det føreliggje relevante liknande situasjonar og statens skilnadshandsaminga må vere objektiv og rimeleg grunngeva. Skjønnsmarginen til staten kjem – mellom anna – til anvending kvar det blir gjort inngrep i ein rett og det må gjerast ein heilskapleg proporsjonalitetsvurdering av om inngrepet er objektiv og rimeleg. I såleis tilfelle har staten fått eit viss handlingsrom til å vurdere kvar langt dei er rettkomen til å behandle tenestetilbydarar ulikt eller likt på basis av religion. Omfanget av marginen vil variere etter tenesta, tenestetilbodet og dei interne samfunnsforholda for kvar medlemsstat.⁷⁶

Skjønnsmarginen er generell, men flyttar seg etter kvar i det menneskerettslege terrenget ein er. Spørsmålet er kvar vid eller snever skjønnsmargin staten skal ha ved vurdering av omsynet til religionsfridomen til tenestetilbydarar som er knyta til eit trussamfunn på den eine sida, og omsynet til allmenta som tenestemottakar på den andre sida? Det må haldast i mente at det er tale om ein mogleg kontraktsforhold med staten. I slike tilfella må det føretakast ein heilskapleg konkret vurdering.

Dømesvis har EMD gjeve ein brei margin kvar det er tale om skilnadshandsaming av tenestetilbydararar i samband med rolla til religion i utdanning, sosiale eller økonomiske

⁷³ D.H. mot Tsjekkia (2007) avsnitt 182.

⁷⁴ JD og A mot Storbritannia (2019) avsnitt 83.

⁷⁵ Vojnity mot Ungarn (2013) avsnitt 38.

⁷⁶ Burden mot Storbritannia (2008) avsnitt 60.

grunnar.⁷⁷ I tilfella ved skattelegging, trygd eller annan sosialpolitikk har staten også fått større handlingsrom til å skilnadshandsame tilbydarar.⁷⁸

Som nemnd, der statens skilnadshandsaming er basert utelukkande eller i avgjerande grad på tilbydarens religiøse tilknytning ved tenestetilbodet har staten snever skjønnsmargin - med mindre dei konkrete forholda tilseier noko anna.⁷⁹

Staten har også snever skjønnsmargin dersom den vektleggjar tilbydars tradisjonar, generelle meining, tru eller sosiale haldningar ved tenestetilbodet. På den andre sida er marginen stor der staten vektleggjar tilbydars atterhald og vilkår som er uforeinleg med tenesta og rammar tenestemottakarane unødig.⁸⁰

Bakgrunnen for skjønnsmarginen er at EMD ikkje skal fungere som ein fjerde instans.⁸¹ Domstolen har fastslått at nasjonale styresmakter er betre plassert enn den internasjonale domstolen til å vurdere kva som er av offentleg samfunnsinteresse.⁸² I slike tilfella vil EMD respektere statane, med mindre vurderinga er i sterk strid med konvensjonen.

Samstundes gjev ikkje EMD ein uvilkårleg rett til statane for å omgå regelverket, og statane har heller ikkje rett til å utvide skjønnsmarginen meir enn naudsynt. Dette er ofte sett på som eit politisk prioriteringsspørsmål. Vurderinga kan samanliknast med den som føretakast etter ldl. § 9.⁸³

Ein positiv verknad med skjønnsmargin er at staten får moglegheit til å vektleggje dei interne forholda og teke atterhald eller sette vilkår for tenesta utan å vere bunden av ein internasjonal eller kollektiv handheving. Ein slik kollektiv handheving vil kunne påverke den interne retten til statar negativt ettersom medlemsstatar har ulike metodar for å vektleggje interne samfunnsforhold og tilbydars eller mottakars behov for vern, og deira rettigheter.

⁷⁷ Dahlab mot Sveits (2001) avsnitt 82.

⁷⁸ Burden mot Storbritannia (2008) avsnitt 60.

⁷⁹ D.H og andre mot Tsjekkia (2007) avsnitt 176.

⁸⁰ SGP mot Nederland (2012) avsnitt 4-6.

⁸¹ Høstmælingen (2012) s. 129.

⁸² SGP mot Nederland (2012) avsnitt 4-6.

⁸³ Sjø kapittel 5, særskild punkt 5.4 om samhøvevurdering.

På den andre sida kan ein kollektiv handheving av konvensjonen bli vanskeleg på grunnlag av at nasjonale myndigheiter har vid skjønnsmargin til å trekkje grensa for kvar som er akseptabelt. Samstundes er skjønnsmarginen nokså snever i andre tilfella. Kvar grensa går og eventuelt bør trekkjast, blir verande eit tolkingsspørsmål.

3.6 Oppsummerande merknadar

Kort summa visa gjennomgangen at EMD tillét klagar som gjeld kvar og ein skilnadshandsaming – uavhengig av grunnlag, status eller personlege eigenskapar. Både av juridiske og fysiske personar.⁸⁴

Det kan tenkjast at domstolen har ein einsidig drøfting om analoge situasjonar der fokuset i stor grad er på statens handlingar for handsaminga. I språkleg tilfelle indikerer det at eksistensen av diskriminering er relatert til verknadar av statlege vilkår og atterhald ved tenesta. Etter ei tolking av domstolens vurderingar virka det som at EMD ikkje brukar mykje tid på om klagaren – herunder tenestetilbydar og tenestemottakar – kan vere medverkande til skilnadshandsaminga, men fokuserer heller på om den påståtte skilnadshandsaminga kan rettferdiggjera av staten.

På den andre sida er det staten som er forplikta etter konvensjonen og det er handlingane til staten som blir behandla av EMD. I kvar stor grad forholda ved tilbydar eller mottakar har vore medverkande til skilnadshandsaminga, vil inngå som eit element i grunngevinga til staten.

Dømesvis vil atterhald eller vilkår frå tenestetilbydaren vere eit moment om skilnadshandsaming frå staten er lovleg. Eit tilfelle kvar eit religiøst motivert forbod mot å nyte alkohol i møtelokale kan vere fullstendig uproblematisk dersom lokalet skal nyttast til undervisning, men kan gje grunn til lovleg skilnadshandsaming dersom eit statleg selskap er på leiting etter passende julebordslokale.

⁸⁴ NOU: 2009:14 s. 117. Sjå også Pine Valley Developments Ltd mfl. mot Irland (1991) næringsutviklingsselskap som var blitt utsette for diskriminering av ein lovending.

Staten har også ein positiv plikt til å ta rimelege og formålstenlege atterhald og vilkår for å sikre rettane til tenestemottakar og øvre samfunnsforhold som også skal nytte seg av tilbodet. I såleis tilfelle må det takast omsyn til balansen som må oppnåast mellom dei konkurrerande interessene til aktørane som tilbydar med religiøs tilknytning, tilbodet tenestemottakar skal nytte seg av og øvre samfunnsinteressa.

Skjønnsmarginen vil i slike tilfella tillate staten å ta omsyn til ulike interne forholda ved kontraktinngåing. Som ordlyda tilseier; skjønnsmarginen til staten tilseier ein viss grad av handlingsfridom til å tolke konvensjonen i tråd med eigne føresetnader.

Det viktige er at tenestetilbydarar som er i relevante liknande situasjonar har krav på ein rimeleg og objektiv grunngjeving – dersom avvisinga skuldast forhold som er direkte eller indirekte relatert til tenesta eller tenestetilbodet.

4 Diskrimineringsvernet etter Grunnlova § 98 og ordinær lovgjevnad

4.1 Innleiing

I b e dette og komande kapitla skal det gjerast n rre greie for norsk rett, og dens forhold til EMK og EMD. F r det skal gjerast ein meir utdjupande dr fting av vilk ra om lovleg skilnadshandsaming etter ldl. § 9 i kapittel 5, skal det f rst gjerast greie for dei ulike vilk ra og momenta i det generelle diskrimineringsvernet etter Grl. § 98, og dens betyding for tenestetilbydar med religi s tilknytning.

Vidare skal det kort forklarast likestillings- og diskrimineringslova og presentere kort dei relevante reglar for vegen vidare. I den samanheng skal det sj ast n rre p  samspelet mellom Grl. § 98 og likestillings- og diskrimineringslova, og korleis samspelet p verkar tilbydarens rettsstilling ved kontraktsinng ng med staten. I tillegg skal det gjerast greie for kvifor EMKs tilleggsprotokoll 12 ikkje er ratifisert av Noreg og kva potensielle rettsverknadar den ville hatt for Noreg – i lys av problemstillinga – ved ein eventuell ratifikasjon.

Grunnlova si § 98 kan sj ast i samanheng med Grl. § 92. F resegna er meint   gje uttrykk for den sentrale stillinga menneskerettane har i norsk rett.⁸⁵ Grunnlova si § 98, likestillings- og diskrimineringslova samanhalde med domspraksis dannar rettskjeldegrunnlaget for avhandlinga vidare.

4.2 Grunnlova § 98

Grunnlova si § 98 lydar som f lgjande:⁸⁶

«Alle er like for loven.

Intet menneske m  utsettes for usaklig eller uforholdsmessig forskjellsbehandling».

⁸⁵ HR-2016-2554-P avsnitt 70.

⁸⁶ Grunnlova (1814) § 98.

Hovudregelen «*alle er like for loven*» tilseier at kvar og ein person skal behandlast likt under dei same føresetnadar. Det følgjar av ordlyda at alle skal vere like for lova og utgjer eit grunnleggjande krav om likskap, rettferd og respekt for menneskeverdet.⁸⁷

Dette er ein viktig regel i likskapsprinsippet ettersom Grunnlova skal fastleggje enkelte overordna og grunnleggjande reglar som skal danne grunnlag for dei avgjerdene som treffest, og er såleis ikkje meint å gje svaret på vanskelege og viktige samfunnsutfordringar.⁸⁸

Ordlyda skal vidare lesast som eit forbod mot å gje privilegium til enkelte grupper eller personar i samfunnet – dømesvis enkelte tenestetilbydarar – og er meint som eit tolkingsprinsipp for rettsanvendning.⁸⁹ Samstundes presiserast det i Innst. 186 S (2013 – 2014) s. 25 at:

*«privilegier ikke skal leses på samme måte som kvotering eller positiv forskjellsbehandling som har som mål å utjevne en eksisterende forskjell i mulighetsfordeling mellom grupper eller personer».*⁹⁰

I slike tilfella vil likskapsprinsippet kome inn som støtteargument som blir nytta i tolkinga av dei ulike føresegner. Likskapsprinsippet i samband med ikkje-diskrimineringsprinsippet dannar såleis eit grunnlag om at ikkje alle former for skilnadshandsaming er forboden.⁹¹ For problemstillinga betyr det at alle leverandørar i marknaden – herunder tenestetilbydarar – blir gjeve like moglegheiter til å delta, men samstundes kan fleire av dei mest kvalifiserte lovleg skilnadshandsames dersom dei konkrete forholda tilseier det. I slike tilfella kan staten velje den tilbydaren som er best eigna under omsyn til tenestemottakaren og omsynet til øvre samfunnsinteressa.

I enkelte tilfella kan statens skilnadshandsaming likevel vera i strid med diskrimineringsforbodet sjølv om det ikkje har funne stad eit inngrep i nokon sine rettar ved

⁸⁷ Dokument 16 (2011-2012) s. 143.

⁸⁸ Dokument 16 (2011-2012) s. 143. Sjå også Strand og Larsen (2015) s. 108.

⁸⁹ Ibid s. 144.

⁹⁰ Innst. 186 S (2013 – 2014) s. 25 som visar til Dokument 16 (2011-2012) s. 139 flg.

⁹¹ Dokument 16 (2011-2012) s. 144-145.

kontraktinngåing. Dette kan førekome av statens vilkår, atterhald og andre kriteria som kan vere i strid med tenesta, eller som uteleukkar kvalifiserte tilbydarar til å kunne gje tilbod.

Dersom det er eit inngrep, må inngrepsvilkåra vera oppfylte i tillegg til at det ikkje må føreliggje ulovleg skilnadshandsaming.⁹² Ved slike forhold må det vurderast grunnlaget til statens vilkår og atterhald, samstundes tenestetilbydars grunnlag for diskriminering som blir påkalla, om det gjeld direkte eller indirekte skilnadshandsaming og kva konsekvensar det kan få for tenestetilbydar.⁹³ Ein viktig merknad er at religionsfridomen ikkje er ein absolutt rett, og må difor tole avgrensingar for å verne andre sine rettar. Dette vil dømesvis gje ikkje-diskrimineringsprinsippet større formell og reell gjennomslagskraft i kollisjonen med andre menneskerettar.⁹⁴

Ordlyda i Grl. § 98 annan ledd «*Intet menneske må utsettes for*» tilseier at føresegna gjev individuelle rettar som kan prøvast for domstolane og skal forståast som ein materiell skranke for lovgjevar.⁹⁵ På bakgrunn av føresegnas generelle utforming har den eit svakt rettspreg ved at den gjev eit heilt generelt vern mot alle former for ulovleg skilnadshandsaming.⁹⁶ På den andre sida gjev den ein vidare vern enn EMK artikkel 14 ettersom det generelle vernet ikkje inneheld eksplisitte diskrimineringsgrunnlag.⁹⁷

I tillegg gjev regelen berre fysiske personar eit slikt diskrimineringsvern, jf. uttrykksmåten «intet menneske». Tenestetilbydarar med religiøs tilknytning som aktørar er dermed ikkje verna.

Likevel er det uttalt i Dokument 16 (2011-2012) s. 152 at dei nærare reglar om juridiske personars vern skal fastleggjast i ordinær lovnad ettersom vernet vil kunne endre seg med samfunnsutviklinga. Det følgjar av forarbeida til ldl. prop. 81 L (2016-2017) s. 79 at det primært er fysiske personar som er verna av føresegna.⁹⁸

⁹² Sjå kapittel 5 om skilnadshandsamingas nærare utdjuping.

⁹³ Ibid. s. 191. Sjå også definisjon på direkte og indirekte diskriminering i kap. 3 punkt 3.2.

⁹⁴ Sjå Dokument 16 (2011-2012) s. 139 som refererer til ikkje-diskriminering i NOU 2009: 14 s. 311-313.

⁹⁵ Dokument 16 (2011-2012) s. 142-144.

⁹⁶ Dokument 16 (2011-2012) s. 147.

⁹⁷ Sjå også punkt 4.4

⁹⁸ Dokument 16 (2011-2012) s. 152 seier at dei nærare reglar om juridiske personar bør fastleggjast i ordinær lovnad, derav sjå forarbeida til ldl. Prop. 81 L (2016-2017) s. 79 flg.

Grunngjevinga for dette er å verne – nettopp – menneskjer mot usakleg skilnadshandsaming. Dette inneber – mellom anna – to ting: For det første kan ikkje lovgjevar vedta lovar som strid mot prinsippet. For det andre blir diskrimineringsvernet styrka for fysiske personar ved å stenge for å stride mot prinsippet.⁹⁹

På den eine sida rører ein seg bort frå det menneskerettslege utgangspunktet dersom juridiske personar får eit slikt diskrimineringsvern. På den andre sida seiar også forarbeida til ldl. at enkelte juridiske personar har fått eit slikt diskrimineringsvern.¹⁰⁰ I dette tilfellet gjelder det juridiske personar der verksemdar ikkje har kjenneteikn i form av eit bestemt diskrimineringsgrunnlag, men kan ha ei tilknytning til desse.¹⁰¹ For problemstillingas del tilseier det at tenestetilbydarar med religiøs tilknytning likevel er omfatta.

I såleis tilfelle kan dette vere selskapa, organisasjonar, stiftelsar, foreiningar eller liknande som sjølv, eller gjennom medlemmane sine eller tilsette, har tilknytning til eit bestemt diskrimineringsgrunnlag.¹⁰² Ei døme er foreining eller organisasjon som blir drive av personar med religiøs bakgrunn som skilnadshandsames kvar foreininga søkjar økonomisk støtte frå staten, eller formålet med organisasjonen er å ta vare på homofiles rettar som blir diskriminert av staten frå å leige eit offentleg-eiga lokale.¹⁰³

Dette har også parallellar til EMD-saka Pine Valley Developments mfl. mot Irland (1991) der det var tilstrekkeleg å konkludere med at selskapets holdingselskap – som juridisk person – var vorte utsett for diskriminerande behandling i relasjon til sin eigedomsrettslege vern etter EMK første tilleggsprotokoll artikkel 1, jf. artikkel 14.¹⁰⁴

For problemstillinga medfører det at ut frå dei konkrete forholda kan tenestetilbydarar med religiøs tilknytning også kunne påkalle seg både Grl. § 98 og ordinær lovgjevnad dersom dei meina seg diskriminert av staten. Staten kan dermed ikkje utelukke eller velje å ikkje inngå

⁹⁹ Ibid s. 79.

¹⁰⁰ Ibid s. 79.

¹⁰¹ Ibid s. 79. Sjå Pine Valley Developments mfl. mot Irland (1991) der same slutningar kan trekkjast av domen.

¹⁰² Ibid s. 79.

¹⁰³ Ibid s. 79.

¹⁰⁴ NOU 2009:14 s. 115.

avtale med kvalifiserte organisasjonar eller selskapa med religiøs tilknytning. Dersom staten diskriminerer og slike juridiske personar ikkje sjåast som kvalifiserte til å påkalle seg Grl. § 98 eller ordinær lovgjevnad på bakgrunn av deira juridiske karakter, vil ordlyda – etter mitt skjønn – bli tolka innskrenkande, noko som det her ikkje er grunnlag for.

Dersom staten skilnadshandsamer, er det etter Grl. § 98 anna ledd kunn ”*usaklig eller uforholdsmessig*” skilnadshandsaming som ikkje er tillat. Ordlyda tilseier at staten kan ikkje vektleggje utanforliggende eller usaklege omsyn som grunnlag for sine avgjerder. Dømesvis kan ikkje vilkår og atterhald som ikkje er i samband med tenesta eller tilbodet vektleggjast til ulempe for tenestetilbydar utan at dette har ein tilstrekkeleg sakleg grunn.¹⁰⁵ I så fall kan det medføre at kvalifiserte tenestetilbydarar vil bli direkte eller indirekte diskriminert grunna skilnadshandsaminga.¹⁰⁶

Kvar tid ein skilnadshandsaming kan vere usakleg eller uhøveleg må dei ulike forholda vurderast konkret.¹⁰⁷ Det er uttala i forarbeida at sakligheitsvurderinga skal ikkje låsast fast til heilt bestemte diskrimineringsgrunnlag, men skal vere opne for at det kan skje endringar over tid og at nye situasjonar kan oppstå. Dette tilseier at nye forhold, vilkår og atterhald mellom tilbydar og staten ved kontraktinngåing er omfatta. Særskild der kontraktar er inngått og som går over fleire år.¹⁰⁸

Statens samhøvevurdering må vidare ha ein balanse mellom verna av interessa til tenestetilbydar og tenestemottakar, og dei legitime samfunnsbehova som grunnlegg skilnadshandsaminga. Dette inneber at både saklegheits- og samhøvevurdering føresetjar ein totalvurdering av dei ulike motstridande interesser.

For problemstillingas del må det først vurderast i kva grad statens skilnadshandsaming av tenestetilbydar byggjar på eit sakleg formål som er relevant ut frå dei konkrete forholda.¹⁰⁹ Dersom grunngevinga blir sett på som usakleg, må det gjerast ein konkret samhøvevurdering. Det inneber – mellom anna – om målet av tiltaket kan oppnåast med mindre inngripande

¹⁰⁵ Dokument 16 (2011-2012) s. 149-150. Sjå også NOU 2009: 14 s. 155 om ordlydsfortolking av vilkåra

¹⁰⁶ Om definisjon på direkte og indirekte diskriminering sjå kap. 3 punkt 3.2.

¹⁰⁷ Dokument 16 (2011-2012) s. 150.

¹⁰⁸ Ibid s. 150.

¹⁰⁹ Ibid s. 150.

midlar, og om det er gjort ein proporsjonalitetsvurdering.¹¹⁰ Dersom skilnadshandsaminga er usakleg eller uhøveleg utan at grunngjevinga byggjar på saklege formål kan skilnadshandsaminga føre til diskriminering.

4.3 Likestillings- og diskrimineringslova

Diskrimineringslova som trådde i kraft 1.januar 2018 erstatta og vidareførte dei tidlegare lova om diskriminering og likestilling.¹¹¹ Vidareføringa førte ikkje til verken endring i rettstilstanden eller ein realitetsendring.

Såleis vil rettskjelda knyta til dei oppheva lova vere relevant ved tolkinga av den nye lova – medrekna forarbeida og praksis frå Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og Diskrimineringsnemnda (LDN).¹¹² LDO og LDN utgjer handhevingsapparatet for klager som gjeld diskriminering etter norsk rett.¹¹³

Etter likestillings- og diskrimineringslova er vernet sjølvstendig, og gjeld på alle samfunnsområda – men det er enkelte avgrensingar i handhevinga.¹¹⁴ Ein kvar individ eller gruppe kan påkalle diskriminering uavhengig av om det skjer som arbeidstakar på arbeidsplassen eller som privat aktør i kontrakt med staten.

Den generelle hovudregelen i norsk rett er at direkte og indirekte diskriminering er forboden etter ldl. §§ 7 og 8.¹¹⁵ Lovverket stillar opp unntaksføresegna som tillèt lovleg skilnadshandsaming dersom den er sakleg etter § 9. Sonderinga mellom direkte og indirekte skilnadshandsaming i tillegg til lovleg skilnadshandsaming må sjåast i samanheng med diskrimineringsrunnlaga i § 6.¹¹⁶

For at staten skal kunne lovleg skilnadshandsame tenestetilbydar med religiøs tilknytning, må dei tre kumulative vilkåra etter ldl. § 9, jf. § 6 vere oppfylt. Ved vurderinga må det takast ein

¹¹⁰ Sjå kapittel 5 om vilkåra og momentas meir utdjupande drøfting.

¹¹¹ Likestillingsloven, diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven og diskrimineringsloven om seksuell orientering av 2013 (Opph.).

¹¹² Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda (2017).

¹¹³ Ibid § 1.

¹¹⁴ Sjå ldl. § 9, jf. §§ 1 og 6.

¹¹⁵ Sjå punkt 3.3 om direkte og indirekte diskriminering.

¹¹⁶ Prop. 81 L (2016–2017) s. 16.

konkret heilskapleg vurdering basert på momenta som; kva diskrimineringsgrunnlaga er byggja på, kva rettar som er ramma, kva samfunnsområde skilnadshandsaminga vedkjem og om det er tale om direkte eller indirekte skilnadshandsaming.¹¹⁷

I likskap med artikkel 14 er det større tilgang til lovleg skilnadshandsame dersom det er tale om indirekte enn direkte skilnadshandsaming.¹¹⁸ Der den aktuelle praksisen blir sett på som eigna, naudsynt og høveleg kan skilnadshandsaming vere tillate i det konkrete tilfelle. Desse vilkåra og momenta vil bli nærare gjort greie for i kapittel 5.

4.4 Samhaldet mellom Grl. § 98 og likestillings- og diskrimineringslova

Likestillings- og diskrimineringslova¹¹⁹ utfyller Grunnlova på fleire måtar. Mellom anna er den internrettslege føresegna i norsk rett ein formålsoppgjeving. Dette inneber at føresegna er ein kvalifikasjonsregel og ikkje ein operativ føresegna, i motsetnad til EMK artikkel 14 som stadfestar minimumsrettar og pliktar.

Ettersom Grl. § 98 ikkje er aksessorisk gjev den – i samband med ldl. § 6 – også eit sterkare vern enn EMK artikkel 14.¹²⁰ I skilnad til EMK artikkel 14 som har eit ikkje-diskrimineringsprinsipp, inneheld Grl. § 98 baa eit liksskapsprinsipp i første ledd og eit ikkje-diskrimineringsprinsipp i annan ledd.

Utforminga av det generelle vernet i Grl. § 98 saman med diskrimineringslova gjer at karakteren til vernet har eit vidare anvendingsområdet samanlikna med forbodet i EMK artikkel 14. Rekkevidda til diskrimineringsvernet etter artikkel 14 er nært knyta til utforminga av sjølve verna og den aksessoriske karakteren.¹²¹

Reglar om juridiske personars diskrimineringsvern er også nærare regulert i forarbeida til likestillings- og diskrimineringslova. I forarbeida til Grunnlova, Dokument 16 (2011-2012) s.

¹¹⁷ Innst. 186 S (2013–2014) s. 25. (Sjå også kapittel 5).

¹¹⁸ Rt. 2011 s. 964 avsnitt 44 - Saka gjaldt om ein bedriftsintern aldersgrense på 67 år var i strid med forbodet mot aldersdiskriminering i arbeidsmiljølova § 13-1.

¹¹⁹ Likestillings- og diskrimineringslova av 2017 §§ 6 og 9, jf. § 1.

¹²⁰ Dokument 16 (2011-2012) s. 142.

¹²¹ Dokument 16 (2011-2012) s. 144-146.

152, er det uttalt at rettstilstanden for juridiske personar ville endra seg og såleis ville ordinær lovgjevnad vere betre eigna til å regulere diskrimineringsvernet for juridiske personar.¹²² I såleis tilfelle har juridiske personar – dømesvis tenestetilbydarar med religiøs tilknytning – fått vern som følgje av utviklinga.

Ettersom Grl. § 98 er generelt utforma er regelen også utan tilvising til diskrimineringsgrunnlag i motsetnad til EMK artikkel 14 og ldl. § 6. Formålet med eit generelt diskrimineringsforbod var *«å sikre at all diskriminering som åpenbart er usaklig og har sammenheng med vesentlige forhold ved en person, omfattes»*.¹²³

Grunnlaget for dette var å kunne utforme at samspelet mellom Grunnlova og ordinær lovgjeving vart meir dynamisk.¹²⁴ På grunn av dette kjem det ikkje uttrykkeleg av Grl. § 98 at offentlege styresmakta skal følgje opp likskapsprinsippet og ikkje-diskrimineringsforbode. Dette har ein samanheng med at det er domstolane som skal handheve prinsippa, mens styresmakta skal unngå å lage lovar som strid med dei.¹²⁵ Også på grunn av dei dynamiske samfunnsendingane er valet om fleksibel utforming bevisst. Regelen vil derfor kunne brukast som eit rettsleg standard som endrar seg i takt med samfunnsutviklinga.¹²⁶

Det vil sei at ein ikkje treng å endre Grunnlova dersom man vil utvide vernet for juridiske personar eller omfatte fleire diskrimineringsgrunnlag. Det at ingen grunnlag er nemnd i Grl. § 98 resulterer i at det ikkje oppstår nokon prioriteringsspørsmål eller konflikt om kva for grunnlag som er viktigare.

I tillegg vil man ha eit to-spora vern gjennom ordinær lovgjeving og grunnlovsværn. Vernet i § 98 kan vere med på å prioritere sakar på enkelte rettsområde som ikkje er fullstendig avklart. Dette vil kunne skape kontinuitet der tenestetilbydarar lettare kan føresjå sin rettsstilling.¹²⁷

¹²² Sjå også Prop. 81 L (2016-2017) s. 79.

¹²³ Innst. 186 S (2013-2014) s. 5 som visar til Dokument 16 (2011-2012) s. 139.

¹²⁴ Dokument 16 (2011-2012) s. 144-149. Sjå også Innst. 186 S (2013-2014) s. 5 om den generelle utforminga.

¹²⁵ Dokument 16 (2011-2012) s. 144.

¹²⁶ Dokument 16 (2011-2012) s. 147.

¹²⁷ Strand og Larsen (2015) s. 30.

4.5 EMKs Tilleggsprotokoll 12 og dens betydning for norsk rett

Som tidlegare nemnd i punkt 2.1 har Noreg ikkje ratifisert EMKs tilleggsprotokoll 12. Det har vert stilt spørsmål ved om den manglande ratifiseringa skuldast at norske myndigheiter ikkje vil gje EMD kompetanse til å handheve reglane.¹²⁸ EMD si oppgåve er å sikre statanes etterleving av konvensjonen gjennom avgjerd av sakar om tolking og anvending av EMK.¹²⁹ I såleis tilfelle ville Noreg lausslept meir av suvereniteten sin til EMD for å stadfeste menneskerettsbrot sidan EMDs avgjerder er bindande for Noreg.¹³⁰

For Noreg er det usikkert kva ein ratifikasjon av protokollen vil medføre, og om ei forplikting vil innebere å binde staten til ei utvikling som framleis ikkje er avklart.¹³¹ Fleirtalet i menneskerettsutvalet uttalte at dersom protokollen blir ratifiserast, ville det innebere ei utvida diskrimineringsvern for juridiske personar – herunder tenestetilbydarar med religiøs tilknytning. Dette er noko som ikkje ligg i kjerneområdet for det menneskerettslege diskrimineringsforbodet i Noreg.¹³² Ein ratifisering av TP 12 kan såleis medføre ei utviding av EMD sin tilgang til å prøve norsk forvaltning sine avgjerder ovanfor tenestetilbydarar.

Mindretalet i menneskerettsutvalet meinte at protokollen berre vil innebere nye prosessuelle fordeler. I tillegg følgjar vernet for juridiske personar allereie av artikkel 14. Mindretalet låg også vekt på at Noreg allereie er folkerettsleg forplikta til å verne juridiske personar mot diskriminering gjennom forbod som rekk lengre enn tilleggsprotokollen.¹³³

Dersom protokollen blir ratifisert og takast inn i menneskerettslova vil ho ha forrang for annan lovgjeving ved motstrid og avgrensar handlingsrommet til norske styresmakter kvar det gjeld kravet til sakleg formål ovanfor tenestetilbydarar. Også grensa til handlingsrommet vil bli nærare fastlagt gjennom praksis frå EMD.¹³⁴

¹²⁸ Strand (2012) s. 133.

¹²⁹ Sjø menneskerettslova av (1999) art. 19 og 32.

¹³⁰ NOU 2009: 14 s. 301.

¹³¹ Ibid s. 299.

¹³² Ibid s. 300.

¹³³ Ibid s. 301.

¹³⁴ Ibid s. 301.

Dersom den blir teke inn i diskrimineringslova, vil den ikkje ha forrang men likevel ha uvisse knyta til forpliktingane Noreg tar på seg.¹³⁵ I tillegg vil Noreg få ein overgang frå vurdering av enkelte diskrimineringsgrunnlag til ein meir generell saklegheitsvurdering som kan samanliknast med rettspraksis frå EMD. Utforminga av diskrimineringsforbodet i likestillings- og diskrimineringslova vil òg ha tyding for korleis verna blir praktisert av domstolane i dei tilfella tenestetilbydarar påkallar seg Grl. § 98.¹³⁶

¹³⁵ Ibid s. 301.

¹³⁶ Ibid s. 301.

5 Grensedraging mellom lovleg og ulovleg skilnadshandsaming etter norsk rett

5.1 Innleiing

I dette kapittelet skal eg gjere nærare greie for vilkåra og momenta etter likestillings- og diskrimineringslovas § 9, jf. § 6, og samt analysere ulike doms- og nemndspraksis.¹³⁷ Eg vil nytte meg av desse avgjerdene som tolkingsfaktorar i eit forsøk på å framheve likskapen i praksisen mellom intern og internasjonal rett, og korleis dette røyr problemstillinga i avhandlinga.

Eit spørsmål av betydning er kvar mykje skal staten som eit offentleg organ vektleggje partanes interesse før det går utover dei interessa som er verna til fordel for samfunnet, eller korleis skal staten balansere omsynet til tenestetilbydarane mot plikta si til å teke vare på andre sine rettar? Dette skal utdjupest gjennom relevant rettskjeldemateriale som mellom anna forarbeida, Høgsterettspraksis, EMD-praksis og utsegn frå menneskerettskomité. Dei avgjerdene eg skal presentere er berre eit fåtal, og som er relevante avgjerder for oppgåva frå dei siste ti åra.

Dei ulike rettskjeldefaktorar vil vere anvendeleg ut frå kvar relevant dei er for problemstillinga. Mellom anna har Genèvekomité – også omtalt som menneskerettskomité – fått rådgjevande kompetanse og kjem med konkrete oppmodingar til dei enkelte medlemsstatane som vil vere av betydning. I tillegg gjev komiteen generelle utsegner til utvalde tema for medlemsstatane.¹³⁸

Det finnes lite Høgsterettspraksis på dette området som angår problemstillinga, difor vil praksis frå Diskrimineringsnemnda vere av betydning. Nemndspraksis er – naturlegvis – ikkje det same som domspraksis, men det er stor grunn til å vektleggje praksisen på grunnlag av rettsvise. Praksisen vil ha relevans i den forstand at utsegn, vilkår, momenta og kriteri i

¹³⁷ Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda (2017).

¹³⁸ Human Rights Committee, CCPR General Comment no.18 (1989) og General Comment nr.20 (2009), art. 10.

avgjerdene vil vere av betydning for problemstillinga. Den gjennomgåande praksisen visar også korleis diskrimineringsnemnda vektleggjar EMK og EMD sin tolking og praksis.

Reelle omsyn vil ha betydning ved at desse vil verke inn på avtala mellom staten og tilbydar. Staten må teke vare på alle sine interessa og stå fram som nøytral ved kontraktinngåing. Dømesvis om avtala er rimeleg og rettferdig ovanfor både tenestetilbydar og tenestemottakar. Eit spørsmål er om den interne retten også er forplikta til å akseptere atterhald eller vilkår tilbydar har ved kontraktinngåing, og omvendt. Under slike forhold vil rettsvise og rettssikkerheita til tenestetilbydar og tenestemottakar samt samfunnsinteressa vege tungt.

Som nemnd i punkt 4.3, må skilnadshandsaminga ha eit sakleg formål, jf. ldl. § 9 første ledd bokstav a. Handsaminga må vidare vere naudsynt for å kunne oppnå det saklege formålet, jf. første ledd bokstav b. Til slut må det vere tale om samhøve jf. første ledd bokstav c. Siste vilkåret tilseier eit rimeleg forhold mellom formålet staten ynskje å oppnå og kvar inngripande skilnadshandsaminga er for den part som stillast dårlegare.¹³⁹

5.2 Sakleg formål

Sakleg formål tilseier ein konkret vurdering som må stå fram som legitimt og handlinga må byggje på korrekt faktum. I dette tilfelle vil vurderinga innebere om skilnadshandsaminga varetek eit sakleg formål knyta til statens formål ved avtaleinngåinga, arbeidets karakter og kva som er naudsynt for å oppnå dette formålet.¹⁴⁰

Formålet må vere av ein slik art at prinsippet om likebehandling må vike. Det er av stor betydning om formålet med handlinga er i tråd med lovleg skilnadshandsaming. I likskap med EMD kan det saklege formålet ikkje vurderast generelt ved å følgje faste retningslinja og mønster, men avhenger i stor grad av forholda i kvar enkelt sak.¹⁴¹ Til dømes kan ikkje dei same kriteria for diskriminering grunna etnisitet anvendast på forhold ved diskriminering på basis av religion ettersom dei konkrete forholda vil vere av ulik karakter og omfang.

¹³⁹ Ot.prp. nr. 79 (2004-2005) s. 101.

¹⁴⁰ Ot.prp. nr. 33 (2004-2005) side 102. Sjå også Prop. 81 L (2016-2017) s. 316.

¹⁴¹ Ot.prp. nr. 33 (2004-2005) s. 106.

Ein viktig merknad er at statens bruk av vilkår eller atterhald må også vere proporsjonal i forhold til tenesta og tenestetilbodet. Dersom formålet er å skaffe eit teneste til eit eldreheim der det bur personar med ulike religionar og livssyn, kan ikkje staten ha atterhald som ramma enkelte. Dersom staten bruk livssynnøytrale vilkår, vil formålet kunne vere hensiktmessig.

Kvar det gjeld statens ansvar for tenesta og tenestetilbodet, vil det også vere eit krav til omsyntaking av legitime målsetjingar som ivaretaking av offentleg helse, økonomi, vern av mottakars rettar og fridommar. Staten kan ikkje bruke urimelege midlar for å skaffe eit helsetilbod for nokre få i allmenta dersom dette går på kostnad av andre samfunnsområda.

Ei anna moment er at statens handlingar og atterhald som er basert på subjektive oppfatningar og vilkår, fordommar og stereotypiar er usaklege formål.¹⁴² Rekkevidda til staten for lovleg skilnadshandsaming som er religiøst grunngeve må dermed oppfylle kravet til sakleg formål.¹⁴³ Til dømes dersom ein lærar har mista jobben fordi han dreiv religiøst forkynnande verksemd på ein offentleg barneskule, må grunngevinga i omsynet til eit offentleg livssynsnøytralt utdanningssystem stå sentralt.¹⁴⁴ Lærar som tenestetilbydar i avtale med den offentlege skulen skal representere staten, noko som har tyding for kva krav som kan stillast til tenestetilbydaren.

I tillegg må omsynet til mottakarane – herunder elevane – og deira religionsfridom bli vektlagd. Elevane vil vere unge og derfor vere ein lett påverkeleg gruppe.¹⁴⁵ I likskap med EMD si praksis – vil det i slike konkrete tilfelle vere eit legitimt formål å lovleg skilnadshandsame tenestetilbydarar på basis av religion.¹⁴⁶

5.3 Naudsynt for å oppnå formålet

I naudsyntsvilkåret ligg eit krav om at skilnadshandsaminga skal vere eigna til å oppnå det aktuelle formålet.¹⁴⁷ Det er ikkje nok at staten har eit legitimt formål.¹⁴⁸ I likskap med FN's

¹⁴² Ot.prp. nr. 79 (2008-2009) s. 83.

¹⁴³ Ldl. § 9 første ledd.

¹⁴⁴ Opplæringslova av 1998 § 1-1.

¹⁴⁵ Dahlab mot Sveits (2001) avsnitt 82.

¹⁴⁶ Dahlab mot Sveits (2001).

¹⁴⁷ Prop.88 L (2012-2013) s. 176.

¹⁴⁸ Ot.prp. nr. 79 (2004-2005) s. 119.

menneskerettskomité er det presisert at tilgangen til å avgrense religiøse uttrykk skal vere snever, men i ulike tilfella må dei tole avgrensingar.¹⁴⁹

Bakgrunnen for dette er at ved ulike tilfella vil fleire diskrimineringsgrunnlag ha behov for det same verne, eller at konkrete forhold tilseier å måtte avgrense religionsuttrykk. Til dømes dersom det oppstår konflikt mellom kjønnsdiskriminering og vern mot diskriminering på grunn av religion, må religion – i dei konkrete tilfella – ofte tole avgrensingar. Det same vil kunne gjelde verdinøytralitet på arbeidsplassen som vil kunne kome i konflikt med religionsuttrykk som kan påverke arbeidsoppgåvene.

Ein sak av betydning er realitetsavgjerd kunngjort av menneskerettskomité.¹⁵⁰ Spørsmålet var tilgang til å innskrenke bruken av hovudplagg i arbeidslivet etter SP artikkel 18. Ein sikh var tilsett som vedlikehaldselektrikar på nattskiftet i det kanadiske jernbaneverket. Han brukte turban og ynskja ikkje å bruke hjelm grunna si religiøse overtyding. Menneskerettskomiteen uttalte at reguleringa var grunngeve i tryggingsomsyn for arbeidstakarar som ikkje gjekk lenger enn det som var naudsynt og såleis førelåg det heller ingen diskriminering.¹⁵¹

Ei anna moment er at dersom det finst andre ikkje-diskriminerande alternativa som er eigna til å oppnå formålet – og som ikkje er uhøveleg krevjande – vil skilnadshandsaminga ikkje vere naudsynt. Ei døme er LDN sak 18/2006 om vilkår i annonse om utleige av leilegheit om at leigetakar måtte ha norsk statsborgarskap. Kravet var grunngeve i omsynet til økonomisk sikkerheit. Nemnda kom fram til at vilkåret var ulovleg og uttalte at det førelåg andre mindre inngripande tiltak. Til dømes vilkår om inntektsgjevande arbeid.¹⁵²

I likskap med EMD si praksis tilseier det at statens skilnadshandsaming av religiøse tenestetilbydarar ikkje skal vere vilkårleg, men byggje på eit krav som er naudsynt for å oppnå formålet med sjølve tenesta og dei mottakarane som skal nytte seg av tenesta. Dette inneber at kravet til det naudsynte vil vera lettare å oppfylle innan eit trussamfunn enn for ei verksemd som blir driven av eit trussamfunn. Endå vanskelegare vil det vera for verksemd

¹⁴⁹ FNs menneskerettskomité General Comment No. 22 (1993) punkt/avsnitt 4. Sjå også kapittel 4 punkt 4.2.

¹⁵⁰ FNs menneskerettskomité General Comment No. 22 (1993)

¹⁵¹ Ibid punkt/avsnitt 4.

¹⁵² LDN sak 18/2006.

som ikkje blir drive av eit trussamfunn, men som berre har eit religiøst formål – også dersom verksemda ikkje har nokon religiøst formål i det heile tatt.

5.4 Samhøvevurdering

Vilkåret om samhøve tilseier at det må takast ein interesseavveging der det må vere «*et rimelig forhold mellom det man ønsker å oppnå og hvor inngripende forskjellsbehandlingen er for den eller de som stilles dårligere*».¹⁵³ Staten må vege dei positive effektar opp mot negative konsekvensar – kvar løysinga må stå fram som rimeleg for både tenestetilbydar og mottakar.

I tillegg til likskapsprinsippet og ikkje-diskriminering vil skjønnsmarginen spele ein viktig rolle ettersom den kan bli både snever og vid – ut frå sakas konkrete forhold.¹⁵⁴ Bakgrunn for skjønnsmarginen er at staten er betre eigna til å vurdere dei ulike interne forholda i medlemsstatane enn det EMD er.¹⁵⁵

Samhøvevurderinga ved interesseavveginga kan sjåast i samanheng med saklegheitskravet.¹⁵⁶ Det må gjerast ein avveging mellom formålet med skilnadshandsaminga, hensiktsmessigheita og konsekvensane av handlinga som er valt for å nå formålet og statens behov for å skilnadshandsame.¹⁵⁷

Samhøvevurderinga vil variere alt etter kva rettar eller gode som blir rørte. Til dømes dersom det er tale om skilnadshandsaming av tenestetilbydar i arbeidsforhold ved kontrakt med staten, skal det generelt mykje til for at skilnadshandsaminga vil vere høvesvis ettersom arbeid er av stor tyding for den enkelte.¹⁵⁸

I LDN 8/2010 var samhøvevurdering sentral. Saka omhandlar bruk av hijab til politiuniform. Spørsmålet var om justisdepartementet hadde handla i strid med likestillingslova ved å forby

¹⁵³ Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) s. 253 og Ot.prp. nr. 79 (2004-2005) s. 101.

¹⁵⁴ Prop. 81 L (2016-2017) s. 119. Sjå også kap. 3.3 og 3.5 om EMD si vurdering av interesseavveging og skjønnsmargin.

¹⁵⁵ Vojnity mot Ungarn (2013) avsnitt 37-38. Sjå også SGP mot Nederland (2012) avsnitt 4-6 der Nederland var gjeve større skjønnsmargin til å vurdere dei interne forholda etter si eiga føresetnader.

¹⁵⁶ Prop.88 L (2012-2013) s. 176.

¹⁵⁷ Ot.prp. nr. 77 (2000-2001) s. 112.

¹⁵⁸ Ibid s. 119.

bruk av hijab til politiuniforma. Nemnda meinte det ikkje var sannsynleggjort at det var naudsynt å ha eit forbod mot religiøse hovudplagg i uniformsreglementet.¹⁵⁹ Nemnda låg vekt på at verknaden av ytre teikn som hijab vil vere marginal i forhold til å vere konfliktskapande i ein allereie spent situasjon. Noreg tar mål av seg å vere eit multikulturelt og inkluderande samfunn, og dette bør også attspegle seg i politiet som i alle andre grupper.

I ein tilsvarande sak – om bruk av hijab – blant tilsette i tryggingskontroll på flyplass kom nemnda til motsett resultat. Skilnaden i resultatet mellom de to sakane knyter seg i det vesentlegaste til samhøvevurderinga. I denne saka var eit forbod mot hijab naudsynt av omsyn til – mellom anna – verdinøytralitet og at løyve i praksis kunne tvinge fram ein kjønnsdelt tryggingskontroll.

Nemnda samanlikna med ovannemnde saka og uttalte at arbeidskvardagen og arbeidsvilkåra til tryggingskontrollørane skil seg vesentleg frå politiet. Det blei lagt vekt på at ytre teikn som hijab er sett på som ein marginal konfliktskapande faktor i ovannemnde sak, medan dette ikkje er tilfelle i den føreliggjande saka.¹⁶⁰

For problemstillinga visar sakane at staten – som kontraktspart – er tilkjend spelerom ved vurderinga av statens forplikningar til å finne ein rettferdig balanse mellom vern av dei ulike interesser. Staten må foreta ein heilskapleg og konkret vurdering dersom staten skal velja ein ein tenestetilbydar på kostnad av ein annan tilbydar med religiøs tilknytning – utan å diskriminere.

På den andre sida visar sakane at staten likevel ikkje kan skilnadshandsame ved å setja vilkår som eksplisitt er basert på religion, men kan ha det som eit moment under den heilskapelege vurderinga. Til dømes dersom ein muslimsk trussamfunn som tenestetilbydar inngår kontrakt med eit statleg selskap om utleige halvparten av eit lokal til bruk av – mellom anna – konferansemøte, kan ikkje staten sette vilkår i kontrakten ved å eksplisitt nekte trussamfunnet å unngå fredagsbønn eller bruke andre delar av lokalet som moske. Omvendt; trussamfunnet kan heller ikkje nekte det statlege selskapet å unngå at kvinner eller homofile får tilgang til lokale ved bruk eller liknande.

¹⁵⁹ Ot.prp. nr. 33 (2004-2005) s. 103.

¹⁶⁰ LDN sak 2/2014 og LDN sak 46/4014.

Ein viktig merknad er at staten må ta omsyn til mottakaren av tenesta og kva for tenestetilboda som passar for mottakarane. I tillegg vil spørsmål om økonomi, helse og samfunnsinteresse spele inn.

Dersom fleire tilbydarar er lik kvalifisert med like gode tilbod for tenesta, kan staten dermed setje vilkår eller atterhald om religion som eit moment i den heilskaplege vurderinga. Det er også mogleg for trussamfunnet å stille vilkår så lenge desse ikkje går for langt i å avgrense tenestetilbodet eller rammar mottakaren unødig.

Ei anna viktig moment er at dersom staten står overfor eit tilfelle der to rettar eller interesser må vegast mot kvarandre, må den ein vike til fordel for den andre.¹⁶¹ LDN sak 48/2018 kan brukast til illustrasjon. Den omhandlar klagar som ikkje fekk forlengt arbeidsforholdet sitt ved ein offentleg skule på grunn av at han ikkje handheler på kvinner. Før tilsetjing var skulen informert om klagars religiøse praksis før han tiltredde praksisplassen ved skulen. Spørsmålet var om klagars praksis er eit verna uttrykk for religion eller om den er å sjå på som eit utslag av kulturell praksis.¹⁶²

Til spørsmålet seier nemnda følgjande:

«Hvor langt vernet rekker, må tolkes i tråd med blant annet EMK artikkel 9 og praksis fra [...] EMD. I saken Eweida mfl. mot Storbritannia uttalte domstolen at retten til religionsfrihet bare omfatter holdninger av en viss klarhet, alvorlighet, sammenheng og viktighet. Religionsfriheten innebærer en rett til å gi uttrykk for religiøs tro i offentligheten. [...] ikke enhver handling som er inspirert, motivert eller påvirket av religion utgjør et uttrykk for den religiøse troen.»¹⁶³

Nemnda visar vidare til EMDs praksis og presiserer at der ulike verna rettar som står mot kvarandre, må den ein retten vike, og seier følgjande:

¹⁶¹ Sjå også punkt 4.3 om nødvendigheita.

¹⁶² LDN sak 48/2018.

¹⁶³ LDN sak 48/2018 s. 9 sjå også Eweida mot Storbritannia (2013) avsnitt 80-81.

*«vern mot kjønnsdiskriminering og vern mot diskriminering på grunn av religion, står mot hverandre i saken. [...] hensynet til As kjønnsdiskriminerende religionspraksis må vike ved den konkrete interesseavveiningen».*¹⁶⁴

Ein tolking av saka visar at det er gjennomgåande i EMD si praksis at krenkinga av likestillingsverdiane har fått eit større vern enn krenkinga av religion.¹⁶⁵ Det er – mellom anna – lagt vekt på at ved å legge til konservativ praksis innanfor religion ein avgjerande vekt, vil det kunne vere uheldig for ei ynskja samfunnsutvikling.¹⁶⁶ I såleis tilfelle tydar det at religion som diskrimineringsgrunnlag vil måtte vike til fordel for andre grunnlag som har eit større behov for vern.

Desse momenta er også lagt til grunn i NRK-saka, kvar Eweida-domen frå EMD var sentral.¹⁶⁷ Spørsmålet var om NRKs absolutte forbod mot at nyheitsprogramleiarar ber religiøse symbol under TV-sending er i strid med forbodet mot diskriminering på basis av religion.

I den heilskaplege vurderinga vektlegg nemnda NRKs verdigrunnlag og gjer ein interesseavveging mellom NRKs behov for nøytralitet i nyheitsformidlinga og nyheitsprogramleiarar som ber synlege religiøse symbol.

I tillegg visar nemnda til den nasjonale skjønnsmarginen, og kjem fram til at skilnadshandsaminga ikkje kan sjåast som uhøveleg inngripande ovanfor nyheitsprogramleiarar. NRKs forbod følgjar av fast og langvarig praksis og er grunngeve i nøytralitetsomsyn. Som eit argument visar nemnda til EMD og Eweida-domen om proporsjonalitetsvurderinga.¹⁶⁸

I Eweida-domen uttalte EMD at handlingar eller unnlatingar som ikkje direkte gjev uttrykk for den religiøse overtydinga, eller som berre har ei fjern tilknytning til ein trusoppfatning, er ikkje verna av EMK artikkel 9, jf. artikkel 14.

¹⁶⁴ LDN sak 48/2018 s. 9.

¹⁶⁵ SGP mot Nederland (2012) avsnitt 4-6.

¹⁶⁶ LDN sak 48/2018 s. 11. Sjå også Eweida mot Storbritannia (2013) avsnitt 80-83.

¹⁶⁷ LDN sak 46/2014.

¹⁶⁸ LDN sak 46/2014 s. 17. Sjå også LDN sak 48/2018 s. 9 og Eweida mot Storbritannia (2013) avsnitt 80-81.

Slik nemnda såg det, gjaldt avgrensinga med omsyn til bruk av religiøse symbol berre for journalistar under presentasjon av nyheiter og leiing av debattprogram. Journalistar, redaksjonelle medarbeidarar og andre tilsette kunne bruke religiøse symbol medan dei var på jobb. I tillegg var det berre ein liten del av arbeidsdagen til nyheitsprogramleiarane som direkte er knytt til sendingar.

Nemnda konkluderte med at det fanst rimeleg forhold mellom det NRK ynskjer å oppnå og konsekvensane for den enkelte arbeidstakaren.¹⁶⁹

Eit sentralt element i vurderingane synast å vere kva påverknad religionen til tenestetilbydaren har på andre – særleg mottakarane av tenesta. Til dømes i NRK-saka vil religiøse symbol ha ein større påverknad på sjåarane om dei blir borte av eit nyheitsanker enn av kameramannen som ingen ser, og difor er forbod akseptert i denne saka men ikkje i den andre.

Det visar også at retten til religionsfridomen hos tenestetilbydarar er noko avgrensa. Dette for å hindre konflikthar i å oppstå og for å ha grunnlag for å avgrense dei konfliktane som allereie finst.¹⁷⁰

For problemstillingas del visar dei ulike saka at ulike omstenda der skilnadshandsaminga har funne stad vil vere av tyding – slik som tenestetilbydarars vilkår, atterhald, synspunkta osv. I tillegg vil vurderinga påverkast av kva rettar som er rørte og kva samfunnsområde skilnadshandsaminga har skjedd på.¹⁷¹

Gjennomgangen av sakane visar også at ein del av ikkje-diskrimineringsprinsippet inneber at staten er forplikta til å unngå å vedta diskriminerande lovgjevnad og myndepraksis som krenkjer religiøse tenestetilbydarar eller tenestemottakarar. Plikta inneber å respektere, verne og sikre menneskerettane.

Ein del av plikta er å verne og hindre tenestetilbydars krenkingar av tenestemottakars rettar dersom tilbodet avvik ved at den ikkje tilfredstillar krava til tenesta. Ein slik plikt krevjar aktive tiltak frå staten. Til dømes å stille vilkår, teke atterhald eller velje andre kvalifiserte

¹⁶⁹ LDN sak 46/2014 s. 19.

¹⁷⁰ LDN sak 46/2014 s. 19.

¹⁷¹ Prop. 81 L (2016-2017) s. 118-120 og s. 122-124.

tilbydarar utan å diskriminere. Dersom staten held seg passiv og ikkje grip inn i å verne rettane, vil plikta vere av negativ art.

Sjølv om staten i utgangspunktet har ein vid skjønnsmargin, visar forpliktingar etter EMK at det stillast krav for å gjere inngrep i tenestetilbydars rettar.¹⁷² Eit slikt inngrep må vere sakleg, naudsynt og høvesvis. Jo større inngrepet er, jo større krav til rettferdig grunngjeving av inngrepet, og jo snevrare skjønnsmargin deretter.

Dei øvre rettskjeldefaktorar medfører også til at momenta blir ulikt anvendeleg på dei ulike konkrete forholda. Dei momenta som utgjer lovleg skilnadshandsaming i den eine saka, kan føre til ulovleg skilnadshandsaming i ein annan sak. Difor må staten vurdere ulike tilfella ulikt, og omvendt. Såleis er ein heilskapleg proporsjonalitetsvurdering viktig for å kunne slå fast om statens handling er lovleg og innanfor handlingsrommet – og som ikkje resulterer i diskriminering.

¹⁷² Burden mot Storbritannia (2008) avsnitt 60.

6 Avsluttande merknadar

Oppgåva har behandla i kvar stor grad staten kan lovleg skilnadshandsame tenestetilbydarar på bakgrunn av deira religiøse tilknytning ved kontraktsinngåing med staten. Gjennomgangen visar at det er ei rekke rettslege skrankar staten må forholde seg.

Sjølv om problemstillinga har fått avgrensa omtale i juridisk teori og er ikkje direkte behandla av intern eller nasjonal rett, visar dei ovannemnde rettskjeldemateriale at fleire av vilkåra og momenta har stor overføringsverdi. Handlingsrommet til staten er heller ikkje avgrensa til dei typetilfella som er behandla i denne oppgåva.

Å ikkje inngå kontrakt med ein tenestetilbydar treng ikkje vere eit inngrep. Det treng heller ikkje vere skilnadshandsaming. Til dømes kan staten avvise alle tilbod frå tenestetilbydarar med den grunngeving at ingen av tilboda tilfredstilla krava til tenesta eller tenestemottakarane.

Det som skal til for at vi står ovanfor skilnadshandsaming er om like situasjonar blir behandla ulikt eller ulike blir behandla likt. I såleis tilfelle må staten ha rimeleg og objektiv grunn til å grunngeve behandlinga. Dei ulike momenta og kreteria vil vere ulik anvendeleg på dei ulike forholda og rettsområda.

Staten har handlingsrom til å lovleg skilnadshandsame tenestetilbydarar med religiøs tilknytning ved fleire forhold – utan å diskriminere. For det første kan staten lovleg skilnadshandsame dersom det er tale om to verneverdige interessa eller der det er tale om to diskrimineringsgrunnlag kvar den eine har større behov for vern. Til dømes ved konflikt mellom likestillingsdiskriminering og religiondiskriminering, vil religion – som oftast – måtte vike. Ein annan vinkel – men i same retning – er at staten kan skilnadshandsame dersom religion eller religiøs praksis kjem i konflikt med andre interesser eller i konflikt med – dømesvis – arbeidsoppgåvene tilbydaren er sett til å gjere.

Eit tredje tilfelle er der religion blir brukt som eit moment i den heilskaplege vurderinga. Dette inneber at staten ikkje kan vektleggje eller eksplisitt bruke religion som eit vilkår som den avgjerande grunnen til å ikkje inngå kontrakt med tilbydar, men må vere ein del av den heilskaplege proporsjonalitetsvurderinga. Til dømes tenestetilbod A og B er lik kvalifiserte, men statleg selskap veljar tilbod A kvar dei får leige lokalet til å avhalde eksamenar for alle

studentar, mens ved tilbod B ville det vere lite ønskeleg med homofile i lokalet. Sjølv om tilbod B ikkje har sette vilkår kan staten i slike tilfella bruke religion som eit moment i vurderinga og velje tilbod A til omsyn av studentar – som også er tenestemottakarar.

Staten kan også skilnadshandsame dersom tenestetilbydar stiller vesentlege vilkår eller atterhald i strid med tilbodet og tenesta, eller som rammar mottakaren unødig. Motset kan òg tilbydar velje å ikkje inngå kontrakt dersom vilkåra eller atterhald til staten strid med tilbydars tilbod eller verdigrunnlag.

Ein viktig merknad er at ingen av partar er forplikta til å inngå kontrakt med kvarandre. Det vil sannsynlegvis ikkje utgjera ulovleg skilnadshandsaming frå begge partar. Det er lovleg for staten å stille krav enten grunna samfunnsrettsleg interesser, omsynet til tenestemottakarar eller til andre sårbare og utsette grupper så lenge krava er rimeleg i forhold til tilbodet og er ikkje-diskriminerande.

I tillegg har staten på enkelte områda vid skjønnsmargin, på andre områda er marginen snever. Marginen vil vere ulikt anvendeleg på dei ulike rettsområda og dei konkrete forholda i saka. Dømesvis er skjønnsmarginen snever dersom statens inngrep eller handling rammar tilbydaren unødig hardt. I såleis tilfelle er det stilla krav om særleg tungtvegande grunnar for staten til å rettferdiggjere handlinga.

Momenta som inngår i den heilskaplege interesseavveginga vil også ha overføringsverdi til andre tenesteområda enn dei omtalte – i den grad tilsvarsande omsyn gjer seg gjeldsande.

Sidan ivaretaking av slike omsyn ligg tett opptil den politiske skjønnsmarginen til statane, vil EMD ha ein tilbakehalden prøvingsintensitet på dette området. Men det er likevel ikkje fritt fram sjølv om EMD ikkje overprøver motiva til staten. Konvensjonen skal først og fremst handhevast av Høgsterett, og resten av nasjonale domstolar før dei interne avgjerder kan overprøvast av EMD.

Litteraturliste

Litteratur

- Aall (2017) Aall, Jørgen, *Rettsstat og menneskerettigheter*, 5.utgåve, 2018
- Andenæs og Fliflet (2017) Andenæs, Johs. og Fliflet, Arne, *Statsforfatningen i Norge*, 11. utgåve, 2017
- Andenæs, Mads og Bjørge, Eirik (2012) Andenæs, Mads og Bjørge, Eirik, *Menneskerettene og oss*, 1.utg., Oslo: Universitetsforlaget, 2012
- Bertelsen (2011) Bertelsen, Tor Ehlers, EMK. Kommentarer til bestemmelsene om individets rettigheter og friheter, 2011
- Broch (2005) Broch, Lars Oftedal, *Skjønnsmarginen i nyere praksis fra Den europeiske menneskerettsdomstol*, I: Lov og rett. 2005
- Edel (2010) Edel, Frédéric, *The prohibition of discrimination under the European Convention on Human Rights*, Human Rights Files No. 22, 2010
- Ekeløve-Slydal (2014) Ekeløve-Slydal, Gunnar M., *Menneskerettigheter*, Humanist forlag, revidert utgåve, 2014
- Emberland (2006) Emberland, Marius, «Diskrimineringsforbudet som konvensjonsbeskyttet menneskerettighet», Jussens Venner (2006) s. 197-234 (Sitert fra Idunn.no)

Høstmælingen (2010)	Høstmælingen, Njål, <i>Hva er menneskerettigheter</i> , 2.utgåve, Universitetsforlaget, 2010
Høstmælingen (2012)	Høstmælingen, Njål, <i>Internasjonale menneskerettigheter</i> , Universitetsforlaget, 2. Utgåve, 2012
Jacobs, White and Ovey (2017)	Rainey, Bernadette, Wicks Elizabeth, Ovey Clare, <i>The European Convention on Human Rights</i> , Oxford, 7th Edition, 2017
Møse (2002)	Møse, Erik, <i>Menneskerettigheter</i> , Cappelens Forlag, 2002
Strand (2012)	Vibeke Blaker Strand, <i>Diskrimineringsvern og religionsutøvelse</i> , Gyldendal, 1.utgåve, (2012)
Strand og Larsen (2015)	Strand, Vibeke Blaker og Larsen, Kjetil Mujezinović, <i>Menneskerettigheter i et nøtteskall</i> , 2015

Norske lovar

Grunnlova	Lov 17. mai 1814 kongeriket Norges Grunnlov
Opplæringslova	Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa
Menneskerettslova	Lov 21. mai 1999 nr. 30 om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett
Likestillingslova	Likestillingsloven, diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven

og diskrimineringsloven om seksuell orientering
(2013) (Opph.)

Diskrimineringsnemnd- og ombudslova Lov 16.juni 2017 nr. 50 Lov om Likestillings- og
diskrimineringsombudet og
Diskrimineringsnemnda

Likestillings- og diskrimineringslova Lov 16.juni 2017 nr. 51 Lov om likestilling og
forbud mot diskriminering

Forarbeida

Innst.O.nr.51 (1998–1999 Innstilling frå justiskomiteen om lov om styrking
av menneskerettane si stilling i norsk rett
(menneskerettsloven)

Ot.prp. nr. 77 (2000-2001 Om lov om endringer i likestillingsloven mv. (plikt
til å arbeide for likestilling, skjerping av forbudet
mot forskjellsbehandling på grunn av kjønn,
forbud mot seksuell trakassering mv.)

Ot.prp. nr. 33 (2004-2005) Om lov om forbud mot diskriminering på grunn av
etnisitet, religion mv. (diskrimineringsloven)

Ot.prp. nr. 79 (2004-2005) Om lov om endringar i lov 24. juni 1994 nr. 39 om
sjøfarten (sjøloven)

NOU 2005: 8 (2005) Likeverd og tilgjengelighet — Rettslig vern mot
diskriminering på grunnlag av nedsatt
funksjonsevne. Bedret tilgjengelighet for alle

Ot.prp. nr. 44 (2007-2008) Om lov om forbud mot diskriminering på grunn av
nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og
tilgjengelighetsloven)

NOU 2009:14 (2009)	Et helhetlig diskrimineringsvern
Dokument 16 (2011-2012)	Rapport til Stortingets presidentskap fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven, 2011
Prop.88 L (2012-2013)	Diskrimineringslovgivning (diskrimineringsloven om seksuell orientering, likestillingsloven, diskrimineringsloven om etnisitet, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven)
Innst.186 S (2013-2014)	Innstilling fra kontroll-og konstitusjonskomiteen om grunnlovsforslag
Prop. 81 L (2016-2017)	Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven)

Høgsterettspraksis

Rt. 2011 s. 964

Rt. 2015 s. 93

HR-2016-2554-P

Diskrimineringsnemndspraksis

LDN sak 18/2006

Bustadannonse om utleigepraksis med krav om norsk statsborgarskap
<https://www.diskrimineringsnemnda.no/showoldcase/1620>

LDN sak 8/2010	Bruk av hijab i politiet. https://www.diskrimineringsnemnda.no/showoldcase/1730
LDN sak 2/2014	Tryggingsselskapet sitt uniformsreglementet https://www.diskrimineringsnemnda.no/showoldcase/1897
LDN sak 46/2014	NRK-saka om bruk av kross på arbeidsplassen. https://www.diskrimineringsnemnda.no/showoldcase/1968

Internasjonale konvensjonar

AP 12	Protocol No. 12 to the Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms, Roma 4. november 2000
EMK	Europeiske Menneskerettskonvensjonen, Roma, 1950. Den europeiske menneskerettskonvensjonen av 4. november 1950 med tilleggsprotokollen
KDK	FNs kvinnediskrimineringskonvensjon - FNs konvensjon 18. desember 1979 om avskaffelse av alle former for diskriminering av kvinner
RDK	FNs konvensjon om avskaffelse av alle former for rasediskriminering 7. mars 1966.
SP	Den internasjonale konvensjonen om sivile og politiske rettigheter, 23. mars 1976
Wien konvensjonen	Vienna Convention on the Law of Treaties (VCLT), 27. januar 1980

ØSK

Den internasjonale konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter, 3. januar 1976

Den europeiske menneskerettsdomstolen

Burden mot Storbritannia (2008)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 29. april 2008
Carson og andre mot Storbritannia (2008)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 4 november 2008
Chabauty mot Frankrike (2012)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 4. oktober 2012
Dahlab mot Sveits (2001)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 15. february 2001
D.H. mot Tsjekkia (2007)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 13. november 2007
Eweida og andre mot Storbritannia (2013)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 27. may 2013
Golder mot Storbritannia (1975)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 21. february 1975
Hamidović v. Bosnia-Herzegovina (2017)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 5. december 2017
Hode og Abdi mot Storbritannia (2012)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 6. november 2012

JD og A mot Storbritannia (2019)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 24. oktober 2019
Konttinen mot Finland (1996)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 3. december 1996
Nachova mot Bulgaria (2005)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 6. july 2005
Petrov v Bulgaria (2008)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 22.may 2008
Pitkevich mot Russland (2001)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 8. february 2001
PVD mfl. mot Irland (1991)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 29. november 1991
SGP mot Nederland (2012)	The European Court of Human Rights, 23. july 2012
Thlimmenos mot Hellas av (2000)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 6. april 2000
Timishev mot Russland (2006)	The European Court of Human Rights, Strasbourg, 13.march 2006
Vojnity mot Ungarn (2013)	The European Court of Human Rights, 12. may 2013

Utsegn frå Internasjonale organa

CCPR General Comment no. 18 (1989)	Human Rights Committee, CCPR General Comment no. 18: Non-discrimination (Adopted at
------------------------------------	--

the Thirty-seventh Session of the Human Rights Committee, on 10 November 1989)

ECHRI (2014)

European Commission against Racism and Intolerance, ECRIs rapport om Norge (femte overvakingssyklus): Vedteke 10. Desember 2014

ECHR Guide on Article 14 (2020)

Guide on Article 14 of the ECHR and on Article 1 of Protocol No. 12 to the Convention. s. 28 (2020)

ECHR Guide on Article 9 (2020)

Guide on Article 9 of the European Convention on Human Rights Freedom of thought, conscience and religion (2020)

FNs menneskerettskomité (1993)

Human Rights Committee General Comment No. 22 (1993)

ØSK-komiteen (2009)

General Comment nr. 20 (2009)

Andre kjelda

<https://khrono.no/sier-nei-til-leie-av-lokaler-oid-av-religiose-organisasjoner/422218>

[Henta frå Khrono den 12.mars 2021]

<https://snl.no/diskriminering>

Ikdahl, Ingunn: Diskriminering i Store norske leksikon på snl.no . [Henta 27.mars 2021]